



Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning
Kultur og litteratur

"Dei beste dikt i verdi"

Olav H. Hauge og sonetten

A handwritten signature in black ink that reads "Olav H. Hauge". The signature is written diagonally from the bottom left towards the top right.

Stefan Andreas Sture

NOR-3910 Mastergradsoppgåve i nordisk litteratur

November 2012

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Innhald

Innhald	3
1. Innleiing	5
2. Dei beste dikt i verdi	7
3. Å lese dikt.....	13
4. Olav H. Hauge.....	18
5. Den poetiske utviklinga til Olav H. Hauge.....	20
5.1. Resepsjon.....	22
6. Olav H. Hauge og Jan Erik Vold.....	24
7. Sonetten	29
7.1. Opphav.....	30
7.2. Form	32
8. Sonettvariantar	34
8.1. Sonetteteori	34
9. Ein liten song?.....	39
10. Olav H. Hauge og sonetten.....	43
11. Diktbøker og Dikt i samling.....	47
12. Glør i oska 1946	51
13. Under bergfallet 1951	53
13.1. "Til Shelley"	53
13.1.1. "Til Shelley", endringar	57
13.2. "Eg las eit dikt", (utfylling)	58
14. Seint rodnar skog i djuvet 1956.....	61
14.1. "Grøne øyar", (utfylling).....	61
14.2. "Korea", (utfylling).....	62
14.2.1. "Korea", endringar	63
14.3. "Du byggjer"	63
14.3.1. "Du byggjer", endringar	64
14.4. "Gullhanen".....	65
14.4.1. "Gullhanen", endringar	67
15. På Ørnetuva 1961	68
15.1. "Kveld i november"	68

15.1.1. "Eple og poesi"	69
15.1.2. "Kveld i november", endringar	71
15.2. "Til eit Astrup-bilete"	72
15.2.1. "Til eit Astrup-bilete", endringar.....	73
15.3. "Eg høyrdet det på plistringi", (utfylling).....	73
16. Dropar i austavind 1966	76
16.1. "Ein greider meir enn ein trur"	76
16.1.1. "Ein greider meir enn ein trur", endringar.....	77
16.2. "Morgon i mars"	77
16.2.1. "Morgon i mars", endringar.....	78
16.3. "Apal i snø"	79
16.3.1. "Apal i snø", endringar.....	80
16.4. "Snigelen"	80
16.4.1. "Snigelen", endringar.....	81
17. Spør vinden 1971	82
17.1. "Ikkje enno".....	82
17.1.1. "Ikkje enno", endringar	83
17.2. "Ein skrøpeleg sonett"	83
17.2.1. "Ein skrøpeleg sonett", endringar	85
18. Janglestrå 1980	86
18.1. "Me trudde verdi her er til for oss" (utfylling)	86
18.1.1. "Me trudde verdi her er til for oss", endringar.....	87
19. Kva for ein posisjon har sonettane i Olav H. Hauge sin forfattarskap?	88
20. Appendiks: Sonettar frå andre stader.....	90
20.1. Sonettar frå aviser og tidsskrift	90
20.2. Sonettar frå Dikt i umsetjing	92
Referanse	95
Dikt.....	96

1. Innleiing

Eg hev ikkje møtt fleire enn two-tri stykke som i røyndi hev elskpoesi. Eg segjer elskpoesi fordi ein mann som hev funne lykelen til poesien si verd, ikkje lenger er interessert, men hugtelen, han elskar.

(Hauge DB1 2009:85¹)

Dette skriv ein ung Olav H. Hauge i dagboka si, berre 21 år gammal, i 1929, heile 17 år før han debuterer med diktboka *Glør i oska* i 1946. Rett nok kjem han til å møte fleire av dei hugtekne med tida, men det er uansett ei lita gruppe som verkeleg setter poesien så høgt som han sjølv føler at han gjer. Det gjer at ein kan føle seg utanfor det store fellesskapet, og sikkert også i det lille fellesskapet i familien og i bygda. Men han fikk oppleve å gjere mange, både poetar og lesarar, hugtekne med dei dikta han sjølv skrev. Som vi også skal sjå, er han sjølv verkelig bland dei som er hugtekne, heile livet sitt vier han til poesien som lesar og som lyrikar, og ikkje minst som lesar av litteraturhistorie frå heile verda, og litteraturvitenskap.

Kor opptatt han var av poesien si verd, er tydeleg ikkje berre i dagboka, men også i diktinga hans. Noko han syner i både tematikk og i val av subsjangrar. Olav H. Hauge sine dikt er i ein djup og tydeleg kontakt med anna lyrikk, frå mange tider og mange stader, og det er sterke intertekstuelle og metapoetiske drag over diktinga hans heilt frå debuten av. Det er også noko vi kan lese mykje om i dagbøkene hans, korleis Olav H. Hauge kjenner seg i slekt med poetar frå andre tider og stader. Ikkje berre er dikta hans i kontakt med dikt av andre – det er også mange samband mellom dei eigne dikta.

Korleis vel ein kva masteroppgåva skal handle om? Korleis finn ein fram til ein forfattar, ein avgrensing og ein tematikk? Kan hende er det ein sjølv som blir funnet av temaet? Eg har gjennom fleire år vore opptatt av Olav H. Hauge og forfattarskapen hans. Eg har lese dikta, eg har halde foredrag om forfattarskapen hans, eg har studert Olav H. Hauge og eg har publisert artiklar om enkeltdikt og meir generelt om diktinga hans.

¹ Eg har nytta Harvard-systemet til referansane, i all hovudsak som beskrive i Spangen, I.C., 2007, *Referansehåndboken : en veiledning i kildebruk og henvisning til kilder*, Spartacus, Oslo.

Utover interessa for Olav H. Hauge og andre lyrikarar og poesi generelt, har eg lenge også hatt ei interesse for sonettar. Mest har dette vert knytta til den interessa eg har for William Shakespeare, og da spesielt sonettane hans. Men dess meir eg las om sonetten som form, jo meir knytta interessa seg til sjølve sjangeren. Ikkje minst tykkjer eg det er spanande med historia og utviklinga til sonetten som eigen sjanger. Eg har også i mange år vore særslig interessert i lyrikk. Utover det at eg er ein ivrig leesar av dikt, har eg formidla lyrikk på mange ulike måtar i fleire ulike fora. Eg har halde fordrag, medverka på seminar og festivalar, skrive artiklar, essays og bokmeldingar. Å arbeide med lyrikk på ulike vis er sjølvsagt også ein del av yrket mitt som norsklærar i den vidaregåande skulen.

Så det å få kombinere desse interessane eg har for lyrikk på ulike nivå, sonetten som lyrikk og som sjanger, og ikkje minst det å lese og formidle, høver meg godt. Dessutan er det lærerikt å få moglegheit til å fordjupe seg og halde seg til ein ting. Å få halde seg til saken, for å seie det sånn. Men sjølv om emne kan seiast å vere smalt i mange høve, er det meir enn nok å ta tak i. Sonett-tradisjonen er både lang og rik, sekundær litteraturen rundt Olav H. Hauge er også mangslungen. Det har vore mykje å lese og setje seg inn i. Men mest av alt så er sjølvsagt Olav H. Hauge si dikting rik, ikkje minst gjeld det sonettane hans. Noko av det som gjer Olav H. Hauge sine dikt så rike og givande å lese, er nettopp den store interesse han sjølv hadde for lyrikk og den enorme lesinga hans, som syner seg så tydeleg i dei beste dikta. Dikta finst ikkje i ein isolert og avgrensa verd, dei er ein del av noko større - noko som opnar opp litteraturen og verda også for ein leesar. Olav H. Hauge hadde "funne lykelen til poesien si verd".

"*Dei beste dikt i verdi*" Olav H. Hauge og sonetten.

2. Dei beste dikt i verdi

"Nokor større rimkunst er det ikkje aa laga slike "sonettor", d'er greidt. Det heile er berre ein slump jamnskapa verslinor som diktaren hev kløyvt upp i bolkar etter sitt eige tykkje. Han hev ikkje paa nokon maate bunde deim saman. Ein kunde likso godt og holder ha skrive alle linorne i hop liksom eit ukløyvd dikt. Stort anna er det ikkje."

(Handagard 1942:219)

Dette skreiv Idar Handagard om sonetten i sin verselære frå tidleg førtital, så det er ikkje alle som er like imponert over sonetten verken som sjanger eller som dikt. Handagard er sjølvsagt ikkje aleine om å ikkje setje sonetten serleg høgt. Sjølv om mange reknar sonetten for å vere eit skinande eksempel på kva lyrikk er, så har den fleir gonger i historia blitt stilt i eit svært därleg lys, til dømes bland modernistane. I kva for ende av popularitetsskalaen sonetten legg seg, seier noko om det generelle klimaet i lyrikkforståinga og lyrikklesinga. At kva som har status i akademia og kva folk likar å lese ofte ikkje er det same, er ei anna skål, om ikkje utan betydning.

Korleis kom det seg at ein vel seg å skrive om Olav H. Hauge og dei 16 sonettane han har publisert i *Dikt i samling?* Olav H. Hauge er jo kjend som ein modernist og ein nyskapande lyrikar, kvifor velje å skrive om dei dikta han skrev i den mest kjende av de tradisjonelle diktformane?² Kan hende fordi at bland dei er nokre av dei beste dikta han skreiv, og fordi han sjølv likte sonettsjangaren godt. "Derfor er som om forfattarskapen får ein ekstra dimensjon gjennom desse formfullenda dikta, skrivne i den kanskje mest prestisjefulle av alle diktformer." (Andersen 2002:111ff) Bland sonettane finn ein også fleire av dei mest kjende dikta til Olav H. Hauge.

Olav H. Hauge hadde et livslangt forhold til sonetten. I hans eget trykte forfatterskap finnes det 16 sonetter fordelt over hele forfatterskapet fra og med den andre diktboken, Under bergfallet fra 1951, til og med den siste, Janglestrå, i 1980.
(Karlsen 2000:173)

Dessutan er modernismedebatten som ein debatt mellom tradisjonelle formar og frie vers, også kjend som rimfrie dikt mot dikt med enderim – i det minste her i Noreg, ein

² Og dei er på eit vis framande fuglar, desse dikta, der dei står mellom dikt som ikkje oppfyller dei metriske krava til den førmodernistiske lyrikken. (Andersen 2002:111)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

avsporing. Diverre har den tatt stor plass i den litterære offentlegheita, til og med innanfor akademia, og vore med på å forma folks syns på både dikting og modernisme. Mykje av denne debatten finn vi rundt utgjevinga av *Moderne norsk lyrikk* (1985), ein lyrikkantologi redigert av Jan Erik Vold og Kjell Heggelund. Altså ikkje sjølve inndelinga av tradisjonell form opp imot modernistisk form, men debatten var svært mykje tilspissa rundt utgjevinga. Så frontlinene teikna seg tydeleg i 1985, både som ein slags oppsummering av debatten så langt, men også for vegen vidare³.

Men å sjå på modernismen som ein reaksjon mot dei tradisjonelle diktformane var sjølv sagt ikkje avgrensa til norske forhold, og heller ikkje noko som Jan Erik Vold fann opp. Om noko, så må ein kunne seie at det starta tidligare ute i verda:

In the early years of the twentieth century – some would argue earlier – poets began to invent verse forms that broke from traditional meters. What had been one of the defining characteristics of poetry as a literary genre, and hence the identity of the poem, was rejected.

(Cook 2004:6)

Som vi skal sjå, kan det hevdast, som til dømes Paul Oppenheimer gjør, at det moderne menneske og det moderne tenkesett blir fødd samtidig med sonetten. Sonetten har ein heilt eigen plass i lyrikken, i litteraturhistoria og i historia om korleis vi menneske tenkjer om oss sjølv, og ikkje minst har sonetten hatt eit langt liv, og vore utruleg slitesterk.

Det eg trur vi kjem til å sjå, er at sonetten er særskilt egna til å undersøke kva det poetiske er, og at Olav H. Hauge nett i sine sonettar gjev utsyn for mykje av sin poetikk. Sonetten har for mange vore ein plass, eit rom, kor poetane har utforska kva poesi er. Den har også møtt mykje motstand opp gjennom historia, særleg bland modernistane, som tidligare nemnt: "But to the modernists, the sonnet represented the worst of the previous generation [...]" (Howarth 2011:225) Mange modernistar så på sonetten som direkte anti-modernistisk. Kan hende heng det saman med at

³ Sjå Karlsen, Ole (2000). *Jan Erik Vold og Jan Erik Vold*. Oslo: Landslaget for norskundervisning (LNU) : Cappelen Akademisk Forlag

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

modernismen innanfor lyrikken ikkje berre dreier seg om ein fornying, men ein total forandring av kva lyrikk er og skal vere.

Neither reform nor renewal is at issue, but revolution. A way of understanding this revolutionary perspective is to say that modern poetry begins by radically questioning what a poem is and by raising that question not just once but repeatedly. What is at issue then is not to do with altering something whose identity is generally agreed, but with creating poetry anew from the ground up.

(Cook 2004:1)

Synet på sonetten har pendla mellom å sjå den som det fremste og mest lyriske ein poet kunne skrive, til å sjå den som ein form for masseprodusert, innhaldslaus og irrelevant poesi⁴. Det er denne pendlinga som gjer sonetten særslig eiga til å undersøke kva det eksplisitt poetiske er, og korleis poetar og teoretikarar har sett på lyrikk og poesi til ulike tider. Korleis ein poet posisjonerer seg i høve til sonettsjangaren og historia til sonetten, seier difor mykje om korleis denne poeten ser på sin eigen og andres poesi og, kan hende, også korleis han plasserer seg i høve til modernismen. Dette gjeld sjølvsagt berre dei som har skrive sonettar etter modernismen sitt gjennombrot. Om sonetten ikkje alltid har vore på moten, så har den likevel ikkje vore ute av det lyriske krinslaupet sidan 1235.

Kor gjeldande og gyldig ein tradisjonell definisjon av sonetten er i vår tid, er det også verdt å diskutere. Det er slik at noko av det som har vore med på å gjøre denne subsjangeren så seigliva, er at den er så fleksibel både når det gjeld innhald og form. Så om mange modernistar såg på sonetten som anti-modernistisk, laga, og lagar fortsatt, like mange, om ikkje fleire, modernistiske sonett-variantar. Men uansett må ein ha den ortodokse definisjonen med seg, for å kjenne igjen om det er ein regelrett sonett, ein leik med sonetten eller ein eller anna variant over sonetten. Kor nært ein poet legg sonetten til ortodoksien seier også ein god del om poeten sin haldning til poesi, modernisme og sonetten.

Firstly, there is formal play, even gamemanship; the sonnet gets stretched to its limits, broken up and reinvented, so as to show how

⁴ "For a number of twentieth-century poets and critics the nineteenth century is used to identify an anxiety about poetry becoming a standarized product, subject to a banal repetition of language and subject matter." (Cook 2004:3)

"*Dei beste dikt i verdi*" Olav H. Hauge og sonetten.

we make the very orders we seem to find. Secondly, there is a sense of history: because we recognize the sonnet as a form from the past, a form with its own past, a poet who adopts it says that she cannot begin anew, that she acknowledges some sort of past in her poems.

(Burt 2011:246)

Som vi også skal kome litt nærmare inn på, så har det metapoetiske vore ein del av sonettsjangaren heilt frå starten av. Det er også verd å merkje seg at Olav H. Hauge la til sonettar i dei ulike utgåvene av *Dikt i samling*, av dei seksten sonettane som er i *Dikt i samling*, er det fire som ikkje var med i nokon av diktbøkene. Eg skal kome meir innpå det etter kvart, men det kan hende Hauge brukte sonetten til å vise at han ikkje berre var ein modernist. Ein kan hende også sjå sonettane som ei parallel line i forfattarskapen, det er det fleire som har gjort. Det er ein forfattarskap i forfattarskapen, som går føre seg gjennom heile det poetiske virke til Olav H. Hauge.

De utgör en egen strömfåra i författarskapet, oberörd av dess förvandlingar i övrigt. [...] Många av hans andra dikter pekar in mot de olika sonetterna, som om poesien vill dit, til sin slutliga version.
(Söderblom 2006:193)

Hadle Oftedal Andersen har nokre tankar om korleis sonettane har vakse langsamt fram, nærmast på sida av den andre diktinga, i ein artikkel om omsette sonettar:

Debutsamlinga *Glør i oska* (1946), er den einaste som ikkje inneheld sonettar og den einaste som stort sett er sett saman av tekstar som er skrivne over lang tid. For dei seinare samlingane gjeld det at brorparten av tekstane har blitt til i løpet av ein kort og intensiv periode, om lag eitt år før bøkene har blitt publiserte. Men her står sonettane i ei særstilling. Om lag helvta av dei 16 sonettane Dikt i samling er ikkje publiserte først i ei av dei originale diktsamlingane, men anten trykte annanstads fleire år før utgjeving i bok eller sette til i samleutgåver mykje seinare. Det er grunn til å spørja seg om ikkje sonettskrivinga er noko langsamt og teknisk som går føre seg over langen, i periodar då forfattaren elles arbeider med anna enn sin eigen forfattarskap.

(Andersen 2009:104)

At Olav H. Hauge ikkje skulle arbeide med eigen forfattarskap samstundes som han skreiv sonettar, kan ein vel ikkje direkte seie. Sonettskrivinga var ein betydeleg del av den eigne forfattarskapen, om ikkje i mengd. Men det er nok rett å peika på at dei

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

var ein del av Olav H. Hauge sin dikting som ikkje alltid passa inn i skrivinga av sjølve diktbøkene. Dei, diktbøkene, blei skreve ned raskt og dannar eigne einingar med ein innbyrdes samanheng. Rett nok er mange av dikta blitt til utanom disse skriveperiodane, men det kan sjå ut som det meste av kvar dikt bok er skrive omlag på same tid - det gjeld og dei dikta han brukte til utfylling i respektive diktbolkar i *Dikt i samling*. Sonettane har levd eit liv litt utanom og på sida. Det var og noko han held på med frå tidleg av. Allereie i 1938 skriv han i dagboka at han har seksti sonettar ferdig (sjå Hauge DB1 2000:195). Til Jan Erik Vold seier Olav H. Hauge i eit intervju, kor dei snakkar om *Dropar i austavind*: "Det har seg vel slik at dei sonettane som stend der, var eldre ting som eg no tok med." (Vold 1996:89)

Det ligg jo og i sonettsjangaren ein ikkje uviktig del av det er eit handverk. Sonetten egnar seg kan hende ikkje for rask skriving, det er så mykje som skal gå opp, i rim og metrum. Tankar, idéar og ord skal tilpassast ein given form, og det gjer det naturleg å la diktet ligge ein stund, for så å ta det fram for å sjå korleis ein kan gjere det betre.⁵ Den før nemnte artikkelen av Hadle Oftedal Andersen om omsette sonettar, viser korleis Olav H. Hauge arbeidde, med dei sonettane han omsette, over lang tid. Andersen gjev også eksempel på korleis Hauge retta og forandra på dei omsette sonettane over fleire år.

Ein kan lett tenkje seg at Olav H. Hauge arbeidde mykje på same måten med eigne sonettar. Det kan ein blant anna sjå på dei endringane som er gjort frå dei originale diktbøkene til dei ulike utgåvene av *Dikt i samling*. Ofte er det berre heilt små endringar, men og nokre større endringar finst. Vi skal sjå nærmare på desse endringane, om enn berre frå førsteutgåver og til dei versjonane av sonettane som brukast her. Dei sonettane som ikkje er med nokon førsteutgåve, men først er teke

⁵ "The sonnet is a monument of praise, a field of play, a chamber of sudden change. In its limited space it has logged, from the start, the awakening of a rational being to an overwhelming force in the self or the world. Its legacy of fourteen lines offers myriad challenges and opportunities, ranging from the technical to the spiritual. As a highly focused form, the sonnet attracts contradictory artistic impulses: in choosing and succumbing to the form, the poet agrees to follow the rules of the sonnet, but that willing surrender releases creative energy." (Levin 2001:xxxvii)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

med i utval og *Dikt i samling* kjem vi ikkje alltid til å sjå på rettingar i. Det at dei har kome med, er ei endring i seg sjølv⁶.

I all hovudsak kjem eg til å sitere sonettar og andre av Olav H. Hauge sine dikt etter *Dikt i samling* frå 1994, som var den siste Hauge sjølv autoriserte og derfor kan sjåast på som standardutgåva. Det var slik Olav H. Hauge ville at ettertida skulle lese dikta. I det minste så langt vi veit, han forandra jo både stort og smått, trakk ifrå og la til i ulike utgåver av *Dikt i samling*. Seinare utgåver er redigert av andre, enkelt dikt har kome til og alle tekstane til ABCen er også lagd til. Serleg å ta med ABCen gjer ikkje *Dikt i samling* til ein betre heilskap.

⁶ No kan ein jo håpe at nokon tek føre seg alle endringane Olav H. Hauge gjorde i dikta sine, frå førsteutgåver og gjennom ulike utgåver av *Dikt i samling*. Ikke berre endra han i enkeldikt, men dikt ble teke ut, flytta på og sat inn. Dette gjer sjølvsagt mykje med leseopplevinga og det har også ein del å seie for korleis ein skal tolka både enkeldikt og diktbolkar.

3. Å lese dikt

A poem [...] can only be re-read, not read, since some of its structures can only be perceived retrospectively.
(Eagleton 1996:89)

Ein har sjølv sagt ulike grunnar til å lese både dikt og andre tekstar. Både frå lesar til lesar, men også frå gong til gong. Men eg vil hevde at dikt skiljer seg frå andre tekster, mykje fordi det oftast er korte og fortæta tekstar – det er "words charged with meaning", for å seie det med Ezra Pound. Kva for ein forventningshorisont ein har til diktet avhenger mykje av tid og sted, og ikkje minst av kvifor ein les. Det er ikkje alltid klart kva som er målet for lesinga før ein byrjar. Nokre gonger veit ein ikkje før ein har lest diktet fleire gonger, kor ein vil gå med lesinga si. Eller om ein berre vil la det liggje og gå heilt andre plassar.

Men Olav H. Hauge sine sonettar har følgt meg lenge og eg har lese dei mange gonger. Eg har lese fleire av dei som dikt lenge før eg las dei som sonettar. Forventningshorisonten var først dikt, sidan at det var Haugedikt, før det blei forventningar til at det skulle vere sonettar – til og med Haugesonettar. Det finst mykje tekst- og litteraturteori, her skal vi først og fremst ta føre oss teori som gjeld lyrikk generelt og sonetten spesielt. Men det er på sin plass å gje litt rom til tankar rundt kva ein lesar er, også.

For det er jo ikkje tvil om at lesaren påverkar teksten, det at ein tekst får mening i møte med ein lesar er vi vant til å tenke. Det er jo grunntanken i lesar/respons-teorien. Ein tekst tar til seg mening frå omgjevnaden.

The meaning of the text is not just an internal matter: it also inheres in the text's relation to a wider system of meaning, to other texts, codes and norms in literature and society as a whole. Its meaning is also relative to the reader's 'horizon of expectations' [...]
(Eagleton 1996:89)

Vi skal under lesinga av Olav H. Hauge sine sonettar reflektere inn noko av det som ligg rundt dikta. Sonetten har sin kontekst både i sitt opphav og i vår samtid, litterære

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

normer spelar også inn i vår tolking. Dessutan spelar også Hauge-resepsjonen ein ikkje uviktig rolle. Her skal vi prøve å sjå alle sonettane under ei lupe, og det ønskeleg å dekke bredt og med store sveip. Eg tykkjer ikkje det er nokon grunn til å forsøke å skjule at det er eg som held denne lupa. Dette er mitt bidrag til lesinga av Olav H. Hauge sine sonettar, basert på min lesnad av dei, sekundærlitteraturen og litteraturteori. Min lesnad er også sterkt påverka av kven eg er som lesar.

The first location for any poetic form is in its own tradition and history. But every poetic form has a secondary and vital existence through the personal encounter – by poet and reader, both.
(Boland 2008:43)

skriv Eavan Boland i sin innleiing til boka *The Making of a Sonnet*.

Det er mange som har skrive om Olav H. Hauge og mange har også skrive om sonettane hans. Derfor er det ikkje så lett å lese med friske augo eller å skrive så mykje nytt. Som eg siterar Terry Eagleton på i byrjinga her, så finst det berre attlesing. Som eg allereie har vore inne på, så har eg lese Olav H. Hauge sine dikt mange gonger. Men her er det også naudsynt å påpeike at førstelesingane ikkje alltid er mine eigne, ofte kjem eg vel heller inn i ei lang rekkje attlesingar. Det gjer nok at ein god del av det eg skriv har eit preg av oppsummering av andre lesarar sine synspunkt. Om dette tenkjer eg at det er rett og slik det må vere, ein skal ikkje sjå bort frå det ein veit - sjølv om det er andrehandskunnskap.

Slik eg ser det, så er det ein viktig premiss å ha klart for seg, når ein presenterer sin lesing av skjønnlitterære tekstar, at ein tar med at det også er eit personleg ærend. Skal ein sjølv vere ein tydeleg stemme, må ein og presentere seg som lesar. Eg kan streve etter å vere nøytral, men kjem ikkje til å klare det. Men det er slik at eg ikkje tykkjer det er eit mål å vere nøytral. I det å å lese dikt er det ein innebygd avstand, diktet er ei representasjon av ein hending, oppleveling, kjensle eller erfaring. Det er også innebygd eit filter av andre sine lesingar, i den mon ein kjenner til disse.

Så lenge ein er klar over kva ein driv på med, vil det også vere tilstades ein refleksjon rundt det å lese dikt. Sonetten gjer også si eiga form til noko eksplisitt. Å

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

lese dikt er også ein annan måte å lese på, enn lesing av til dømes romanar og avisar. Som Jo Eggen seier i eit intervju: "I et kort dikt kan du ikke flykte videre som i en roman. Du må lese det som står der og forholde deg til det." (Karlsen 2012:11)

Så lenge ein ikkje berre les passivt, må ein tenkje med form, representasjon og kva det lyriske består i - for å nemne noko, inn i sjølve lesinga⁷. Denne refleksjonen gjer at ein blir nærverande som seg sjølv, men gjev samstundes ein refleksiv avstand. Å gå i dialog med teksten er også å gå i dialog med seg sjølv, som leser blir ein konfrontert med korleis ein les. Dette kan ein vel seie om all slags lesing, men det høver særskilt godt til sonetten. Dette skriv Paul Oppenheimer om oppfinninga av sonetten:

[...] it is the first lyric form since the fall of the Roman Empire intended not for music or performance. As such, it is the first lyric of selfconsciousness, or the self in conflict.
(Oppenheimer 1989:3)

Det finst mykje litteraturteori og mange lesarar, skrivarar og forfattarar som seier at det tilhører den eine eller andre teorien. Når ein leser om litteraturteori, serleg i eit historisk perspektiv, kan ein lett få inntrykk av at dei har avløyst kvarandre pent og pyntetegn – som perler på ei snor. Akkurat det er sjølvsagt ikkje tilfelle. Dei ulike teoriane har overlappa kvarandre, vore i strid eller levd fredfullt side om side. Er det noko som pregar litteraturvitenskapen i dag, så er det nettopp metodepluralisme. Så eg kjem ikkje til å velje ein metode og nytta den slavisk. Å nærlæse vil sjølvsagt vere viktig, utan at det nødvendigvis blir nykritikk av det heile av den grunn.

Nykritikken bliver i dag ikke praktiseret som en særlig skole. Til gengjeld eksisterer den som en slags understrøm i stort sett enhver litterær analyse [...] Nykritikken er i en vis forstand blevet analytisk 'anden natur'.
(Lütken 2008:43)

⁷ "Sonettens funksjonelle virkning, på motiv og tema, og på leseren, henger naturligvis sammen i *leserens bevissthet*. Sonetten skapes på nyt i hver ny lesning, og på denne måten er det at tradisjonen videreføres og videreutvikles (fornyelse kan skje bl.a. gjennom formbrudd). Eller sagt med andre ord: Når leserne konfronteres med en sonett, vil deres *litterære kompetanse* kunne gi dem assosiasjoner til andre dikt innenfor samme *genretredisjon*." (Lauvstad 1993:13)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Det er også ein særleg personfokus rundt poeten Olav H. Hauge, det er mange møter som har vore beskrive og også intervju med poeten, kor mannen Olav H. Hauge har hatt fokus. Dei har skrive om utsjånaden, stemmen og personligdom - og sjølvsagt også om diktinga.

I løpet av 60- og 70-åra reiser ei rad intellektuelle skribentar inn til Ulvik og besøker dette enkle kvardagsmennesket med dei enorme kunnskapane om litteratur, som dei så vender tilbake til byen og skriv ut intervjuet av, frå seg av beundring over dette kloke og ekte mennesket. Men aldri ser det ut til at dei reflekterer noko særleg over det openbare paradokset i at han har lese så mykje og at dei oppfattar han som så ekte.

(Andersen 2002:18)

I tillegg til alle disse artiklane og intervjuet, kom Olav H. Hauge sine dagbøker på prent i 2000, i fem band på tilsaman omlag 4000 sider, noko som gjev oss ein unik tilgang til poeten sine eigne tankar. Så sjølv om ein ny generasjon som aldri har møtt Hauge no skriv om diktinga hans, er han som person likevel tydelig tilstades i tekstar om Olav H. Hauge sin dikting. Personfokuseringa i sekundærliteraturen, som har skildra Olav H. Hauge som tilbakedregen og småålåten er opphav til det paradokset at han som person er meir tydeleg tilstades også i dikta, enn det som er vanleg for poetar i vår tid.

Eg skal ikkje dvele mykje ved det biografiske, men finn det naturleg å trekke det inn. Diktstemma er ikkje eksplisitt Olav H. Hauge si eiga stemme i ved kvart høve, men den er der, og den er vanskeleg å kome utanom. Det er kan hende heller ikkje ønskjeleg. Men ein skal ikkje alltid la Olav H. Hauge få siste ordet om Olav H. Hauge si dikting.

Men det gælder her som i øvrigt, at der må være en affinitet mellem digterværk og metode. Værket skal så at sige kalde på eller passe til metoden; ellers kan det resultere i hurtige slutninger uden dækning i teksten og en reduktion af tekstens betydningspotensiale. Hvis man endelig indvender mod den biografiske læsning, at den konstruerer sammenhænge, som er resultat af eftertidens bedreviden, så siger man noget, som gælder enhver historisk bevidst læsning – ja, til dels enhver læsning af ældre tekster.

(Fibiger 2008:75)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Eg er ein leser som er svær glad i å lese lyrikk, og også likar å lese om lyrikk. Når eg las, tykkjer eg det gir meg ein heil del å få vite kva andre har meint om same dikt. Det er ikkje alltid slik at ein må tenkje nytt og originalt, det som er viktig er å få opna diktet. Så eg er vel mykje av ein pragmatisk diktlesar.

4.Olav H. Hauge

Det er etter måten berre få direkte sjølvbiografiske referansar i diktinga til Olav H. Hauge. Det har likefullt vore ein stor interesse for personen, og ikkje berre forfattaren Olav H. Hauge, "[...] store delar haugereseasjonen er [...] prega av ei særleg tydeleg personinteresse.", skriv Jørgen Sejersted i *Syn og segn* sitt spesialnummer om Olav H. Hauge i 2000. Sjølv om det har dukka opp noko kritikk mot denne persondyrkinga, fikk den kanskje ny kraft av at dagbøkene til Olav H. Hauge vart gjeve ut. Her skal eg berre kort skissere opp nokre biografiske opplysningar.

Olav H. Hauge vart fødd 18. august 1908, foreldra var Håkon Hauge (1877-1954) og Katrina Hakestad (1873-1975), av søskensflokk på sju levde berre fire opp, tre gutter og ei jente. Det vart ein einsam oppvekst som han fylde med lesing bøker. Allereie i femtenårsalderen byrja han å skrive. So sjølv om Olav H. Hauge ikkje debuterte som lyrikar før han fylde han var 38 år, hadde han allereie mange år med skriving bak seg. Olav H. Hauge fekk tidleg psykiske problem og var til tider innlagt på Valen psykiatrisk sjukehus i Sunnhordland. I 1975 blei han sambuar med Bodil Cappelen, og dei gifte seg i 1978. Han døyde 23. mai 1994. Dette er kjend stoff for dei som er opptekne av Olav H. Hauge. I 2004 gav Knut Olav Åmås ut ein svært omfangsrik biografi; *Mitt liv var draum*. Han fikk kritikk for ikkje å analysera diktinga, og berre skrive ein livssoge. Seinare har det også kome det ein biografi på svensk, i 2011, av Carl-Göran Ekerwald: *Det stora självportrettet*. Det er ein bok kor det biografiske og diktinga er veva tett saman, ein noe gammalmodig framstilling kor dikta tolkast ut frå levd liv.

Frå debuten i *Glør i oska* (1946) til *Spør vinden* (1971) kom det nye diktbøker kvart femte år. I 1980 kom det med eit tillegg til *Dikt i samling*, med sjølvstendig tittel, *Janglestrå*, men det har vore diskutert om den kan reknast for ein eigen diktbok. Den siste utgåva av *Dikt i samling* som Hauge sjølv hadde hand om ble utgjeve i 1994, og det er etter den eg har valt å sitere. Om ein reknar *Janglestrå* den siste samlinga med nye dikt, så skrev ikkje Olav H. Hauge dikt dei siste fjorten åra han levde. Det er likevel ikkje så enkelt å avgjere, for vi veit ikkje når dei dikta han nytta til å fylle ut *Dikt i samling* med, serleg tillegga i *Janglestrå*, vart skrivne etter 1980.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Kan hende var dette eit tillegg egna til å setje inn alle nyskrivne dikt etterkvart som dei blei til.

Han gav også ut gjendiktingar og var kjend som ein habil gjendiktar. Det finst omsette sonettar frå heile det aktive skrivarlivet til Olav H. Hauge, men berre fire av dei er trykka i bok. De eigne dikta er samla i *Dikt i samling*, som stadig kjem i nye utgåver, det same gjeld *Dikt i umsetjing*, som er ein samling av dei omsette dikta. Alt av Olav H. Hauge si dikting finst altså samla i to band, i tillegg kjem dagbøkene i fem band. Så dikta er no blitt til berre ein liten del av den samla skrifta til Olav H. Hauge. Men det må vere lov å hevde at det er den absolutt viktigaste delen, og det er ikkje vanskeleg å spå at det er det han kjem til å bli hugsa for.

5.Den poetiske utviklinga til Olav H. Hauge

Mange har peika på ein utvikling i Olav H. Hauge sin forfattarskap, enkelt forklart så seiast det å vere ein rørsle frå det romantiske og tradisjonelle til det modernistiske og konkrete, til dømes det som Jan Erik Vold har kalla tingdikt. Sjølv om det ikkje alltid blir hevda eksplisitt, så er det ofte underforstått at utvikling tyder forbetring. At Olav H. Hauge er ein betre poet i siste del av forfattarskapen, er eit syn som meir eller mindre har festa seg i allmenta. Det er eit syn som har blitt moderert i den seinare tida, frå fleire hald, men som det likevel stadig blir referert til i framstillingar av Olav H. Hauge sin dikting. Sjølv kommenterte han sjeldan sin eiga dikting i eit slikt perspektiv og mange av vurderingane ble ståande utan kommentar og også uimotsagd av forfattaren. Men at forfattaren ikkje sjølv kommenterte det, gjer det sjølvsagt ikkje sannare, på same vis som ingenting vert sannare av å verte gjenteke.

Men så, i 2000, blei altså dagbøkene til Olav H. Hauge gjeve ut og der kjem det fram meir direkte kva slags syn han sjølv hadde på si eiga dikting. I mars 1986 skriv Olav H. Hauge dette i dagboka si:

Ein engelsk kritikar segjer at dei seinare dikt mine ikkje er so gode som dei fyrste. Og det er eg samd i. Eg veit det sjølv at etter kvar[t] har det gjenge nedyver, slikt er noko du kjenner.

Det er lenge sidan no. Men eg hugsar Dybvad sa til meg då Spør vinden kom, at samlingi var ikkje so god som dei fyrre, – han hadde det venteleg frå Skrede eller Dale. Og eg visste han hadde rett.
(Hauge DB5 2000:270)

Dette kan tyde på at Hauge sjølv setje den såkalla tradisjonelle diktinga si, i tyding den tidlige diktinga, høgre enn det mange av lesarane gjorde. Olav H. Hauge har også uttala: "Åri frå eg var 25 til eg var 50 var vanskelege for meg. (...) Men i desse åri vart *Under bergfallet* og *Seint rodnar skog i djuvet* til. I dei stend vel dei beste dikt mine." (Karlsen 2000:4) Kan hende var det ein slik tanke, om at dei beste dikta var frå første delen av forfattarskapen, som låg bak at han hadde sonettar med i alle diktbøkene etter debuten, som merkelig nok ikkje har nokre sonettar, og at Olav H. Hauge tilførde fleire sonettar til dei ulike utgåvene av *Dikt i samling?* For å klargjere;

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

brukte Olav H. Hauge sonetten som ein motstand mot dette synet om at han hadde fjerna seg frå det meir tradisjonelle og romantiske?

Ønskte Olav H. Hauge å bli ståande for ettertida som ein lyrikar som var forankra i klassisk poesi, og som stod støtt i tradisjonen? Det er ikkje så vanskeleg å se fore seg nett det, Hauge sine dikt peikar ofte bakover til tidligare tider. Så lenge det gjeld til dømes den kinesiske poesien, har omtalen av denne kontakten langt tilbake i tid vore positiv. Det er ikkje ein eintydig nedvurdering i sekundærlitteraturen rundt Olav H. Hauge av at fører vidare tradisjon, men det har ikkje vore like enkelt for alle å sette like høgt den delen av forfattarskapen som knytta seg til nynorsk tradisjon, eller ein vestlig tradisjon som ikkje er langt nok tilbake i tid.

Det er også verdt å merke seg at mange av dei som hyllar den konkrete og korte forma til Olav H. Hauge, kort sagt det ein kan rekne som modernismen hans⁸, også er sams om at han er ein sonettmeister. Så sjølv om sonetten stort sett har vore svært lite verdsett av modernistane, verker det ikkje som dei som har skrive om Olav H. Hauge har sett på dette som eit paradoks. No har skiljelinene mellom modernisme og tradisjonell lyrikk har blitt utviska i den seinare tida. Men frontane har vore svært så steile her i Noreg. Det er berre å tenkje på den så kalla "tungetaledebatten" på 50-talet, og debatten rundt *Moderne norsk lyrikk* i 1985.

Men man kan også velje å sjå på sonettane som ein del av modernismeprosjektet⁹ til Olav H. Hauge. Da må ein definere Olav H. Hauge sine sonettar som modernistiske dikt, noko Hadle Oftedal Andersen bl.a gjer. Han skriv at Hauge "[...] innfører det frigjorde verset i norsk sonettdikting." (Andersen 2009:106) Andersen skriv her om dei fire omsette sonettane til Olav H. Hauge, som er med i *Dikt i umsetjing*. Alle fire er franske og det er "[...]" bare sonettar av dei forfattarane som på 1800-talet frigjorde metrikken frå det statiske og gjennom små avvik og dissonansar skapte "det frigjorde verset". (Andersen 2009:105)

⁸ De korte og konkrete er vel også å føre vidare gamle tradisjonar, til dømes frå norrøn diktarkunst og frå japansk haikudikting.

⁹ "For en moderne poet kan sonettformen altså representere et brudd med konvensjonene om en fri lyrisk form, som dominerer i moderne lyrikk." (Lauvstad 1993:11)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Sjølv om Andersen skriv om dei omsette sonettane og franske forfattarar, kan det verke som mykje av det høver på Hauge sine eige sonettar også. "Det som slær oss ved Hauges sonettar, er ikkje elegansen, men spenninga mellom fastleik og rørsle, som alltid driv dikta forbi det teknisk mønstergyldige." (Kittang 1994:114)

Også Staffan Söderblom peikar på noko av det same ved Olav H. Hauge sine sonettar:

Den vilda sonetten, oregjerlig innanför sitt schema. [...] Man kan se dem som sammanfattningsar, lyriska delbokslut, där han komprimerar sina betydelsefulla motiv och metaforer tills versen nära nog rämnar.

(Söderblom 2006:193)

Så om Hauge er ein sonettemeister, er det kan hende ikkje så mykje som virtuos, men meir fordi sonettane er nødvendige og strålar ut i det resterande forfattarskapet? "Sonetterna kan också likna ett slags magnetiska centra i hans diktning." (Söderblom 2006:193)

5.1.Resepsjon

Sekundær litteraturen rundt Olav H. Hauge er omfangsrik, og eg har lese det meste, i det minste det som er samla i bøker – artiklar i aviser og tidsskrift har det vore vanskeligare å få tak i. Det er ikkje rom her for å gjengi og referere alt, men hovudtendensane resepsjonen kjem nok fram, vonar eg. Hovudtendensane har også vore rimeleg tydelege, både i den meir spesielt retta litteraturen og i den allment retta litteraturen. Eg kjem også til å ta for meg nokre av de røystene som går i mot hovudstraumen. Da vil eit meir nyansert bilete tre fram, sjølv om det som særmerker litteraturen rundt Olav H. Hauge er semje om hovuddrag.

Det er brei einigkeit om Olav H. Hauge sin storleik som lyrikar, han blir gjerne sett på som sin generasjons største poet og som ein av de største som vi har hatt her i landet. Han er både folkekjær, høgt verdsett av andre forfattarar og av litteraturforskarar. "Knapt nokon norsk forfattar (og vel ingen lyrikar) i det 20.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

hundreåret har i si levetid vore så tiljubla og så omtala, og etter kvart så mykje seld og får vi tru, så mykje lesen som Olav H. Hauge" skriv Vassenden i *Syn og segn* sitt spesialnummer om Olav H. Hauge i 2000. Dette er noko av det spesielle med Olav H. Hauge sin lyrikk, det at han er folkekjær, men også sat høgt av lyrikarar og akademikarar. Han kan ikkje reknast for å vere ein smal forfattar, utan at det har gått utover kvalitetsstempelet. Det er ikkje noko som kan seiast om mange norske poetar.

6.Olav H. Hauge og Jan Erik Vold

Det har ofte vore peka på at Olav H. Hauge har gjennomgådd ei utvikling, ei rørsle frå romantisk tufta dikting til ein meir konkret, enkel og moderne poesi, som vi før har vore inne på. I eit slikt syn er det lett å tenkje seg det som ein positiv utvikling, ein forandring til det betre. "Dette synspunktet har vært ledsaget av en viss nedvurdering av den tidlige og vektlegging av den senere diktningen" (Andersen 2001:447)

Ein eksponent for dette synet, er lyrikar og essayist Jan Erik Vold. Spesielt som det kjem fram i hans ofte trykte essay "Det går an å leve i hverdagen også", originalt frå 1967, som har undertittelen "Om Olav H. Hauge og hans forhold til tingene", som "[...] er Volds mest profilert-kritiske Hauge-arbeid [...]" (Karlsen 2000:283) Men Jan Erik Vold er ikkje aleine om eit slik todelt syn på forfattarskapen til Olav H. Hauge, sjølv om han nok er den mest profilerte, og kan hende den tydligaste og mest polemiske. Særleg er dette synet, som eg har gjort Vold til representant for, gjeldande bland forfattarkollegaene.

Vender vi oss fra den akademiske kritikken til den kritikk som er utøvet av Hauges forfatterkolleger, finner vi forbausende få forskjeller i hovedsynspunkter. I Hauge-resepsjonen og i formidlingen av hans poesi står Jan Erik Vold spesielt sentralt. (Karlsen 2000:8)

Det er også verd å merkje seg at Olav H. Hauge sjølv var svært nøgd med Jan Erik Vold sitt essay: "Eg vart reint yvergjeven. Ein grundig, skynsam artikkel" (Hauge DB3 2000:191)

Naturligvis sker en utveckling i Hauges författarskap. Ambivalensen mellan kosmisk befrielse och jordiskt tvång (och omvendt), mellan bekännelse och förtegenhet, ytrar sig också i det formella: mellan traditionell och modernistisk struktur i poesin. Somliga av dikterna i *Glör i oska* var "gamla" redan när boken kom, skrivna i ett norskt trettioatal med andra litterära ideal än de som var i färd med att bryta igenom 1946. Frågan är inte om utvecklingen ägde rum eller ej, utan snarare med hur mycken (ideologisk) vilja man kan avläsa den.

(Söderblom 2006:142)

"*Dei beste dikt i verdi*" Olav H. Hauge og sonetten.

"Olav H. Hauge kommer ingen utenom som vil vite noe om norsk lyrikk.", hevda Jan Erik Vold i Dagbladet (01.07.1983). Det kan nok vere rett. Men den som vil vite noko om Olav H. Hauge kjem heller ikkje utanom Jan Erik Vold, hevdar eg. No er det slik at Jan Erik Vold har skrive mykje om Olav H. Hauge i mange samanhengar gjennom svært mange år, men ein kan likevel sjå ein tendens i synet han har på diktarkollegaen. Først og fremst vi merkje dette synet i det før nemnde essayet "Det går an å leve i hverdagen også." Som eg har vore inne på, så er dette essayet trykket oppatt mange gonger. Det har altså hatt eit langt liv siden det først kom på trykk i 1967, og det har vore lett tilgjengeleg så å seie i heile si levetid.

Jan Erik Vold essä "Det går an å leve i hverdagen också" är (enkelt sagt) den viktigaste enskilda text som har skrivits om Hauges poesi. 1967 var han en av de unga, med ett par diktböcker bakom sig, därtil satt han i redaktionen för *Profil*, tillsammans med folk som Tor Obrestad och Einar Økland.
(Söderblom 2006:67)

Ole Karlsen har skrive ein artikkel om Jan Erik Vold og hans artiklar om Olav H. Hauge, "Ein sykkeltur gjennom Jan Erik Volds Olav H. Hauge-lesning" i boka *Jan Erik Vold og Jan Erik Vold* (Cappelen Akademisk Forlag 2000). Det synest ikkje nødvendig her å gjenta det arbeid Karlsen allereie har gjort. Men Karlsen legg stor vekt på essayet "Det går an å leve i hverdagen også", når han skal gjere reie for Vold sitt syn. Det tykkjest klart ifølgje Ole Karlsen at Jan Erik Vold ikkje har så mykje til overs for dei fire første diktbøkene til Olav H. Hauge. Dette heng saman med at Vold er "[...] en erklært ikke-romantiker [...]" (Karlsen 2000:284).

Jan Erik Vold gav i sin essä 1967 en *användbar* bild av Hauges forfattarskap, optimistisk och pregnant. Lite tilspetsat kan man säga att han undvek det *svåra* i dikterna, extaserna och avgrunderna i den ovissa identitet som de så ofta ger utrymme i språket, genom att hämföra det till den (gamla) "skeva" delen av författarskapet, det egocentriskt självömkande, det antropomorf metaforiska. Han gjorde Hauge hanterlig, lätt att älska.
(Söderblom 2006:115)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Dette hadde kanskje ikkje betydd så mykje om det ikkje var for at dette synet¹⁰ har blitt formidla vidare gjennom lærebøker og litteraturhistorier.¹¹ Ja, det blir fortsatt formidla vidare og det må seiast å ha festa seg.

Her skal eg berre ta med to eksempel frå lærebøker for vidaregåande skule. Det første sitatet er frå *Bruer. Norsk språk og litteratur* (Aschehoug 1996), dette er altså eit læreverk frå kort tid etter at Olav H. Hauge døyde:

I sin egen lyrikk bruker han både klassisk og modernistisk formspråk, men mest kjent er han for den korte, knappe og "nyenkle" diktformen han utviklet i den senere delen av forfatterskapet, og som ble et forbilde for Jan Erik Vold og mange av de yngre lyrikerne i 1960- og 1970-årene [...]

Det andre sitatet er frå *Signatur 3* (Samlaget 2008), som skriv dette om Olav H. Hauge under overskrifta "Mot en forenkling?": "Mange av tekstene er svært korte, uten regelmessig rim eller rytme. Hauge lar naturen og de konkrete tingene få tale for seg selv, uten ytterligere refleksjon og kommentar." I begge disse sitata kjenner vi godt igjen synspunkta frå Jan Erik Vold sine lesingar av Olav H. Hauge. Det at læreverk skriv slik, er med på å styrke og forsterke dette synet. For mange er dette første møte med Hauge si dikting, og kanskje einaste. Kvifor skal folk flest, det vil seie både elevar og lærarar, stille spørsmål til ein læreboktekst? No har denne måten å sjå på diktinga til Olav H. Hauge blitt moderert i det seinare, men nok utan at det har nådd ut til den breie massen av lesarar.

Kva med Jan Erik Vold, har han endra sitt syn? Det kan godt hende, men det er ikkje så veldig merkbart, i sitt minneord til Olav H. Hauge seier han bl.a dette:

"Livskampen for Hauge gikk ut på å temme hans stridbare gemytt, forsone den sorg han var havnet i, gi ord til den følsomhet og

¹⁰ "Fra romatikk til modernisme, fra bunden form til frie vers, fra sorgbunden introspeksjon til ytre glede og hverdagslykke, fra en antropomorfisert forholdningsmåte til å anskue "verden slik verden er"; slik kunne Jan Erik Volds Hauge-resepsjon oppsummeres i stikkordsform." (Karlsen 2000:9)

¹¹ Eg har sjølv skrive dette om Vold sitt essay: "Her blir Olav H. Hauge presentert som gartnaren i norsk lyrikk og kort sagt meiner Vold her at den første delen av forfatterskapet ikkje er heilt vellykka, fordi han i romantisk tradisjon besjelar og antropomorfiserer og tolkar tinga for oss. Noko som verkar påtrengjande for den omverda Hauge kastar problema sine på (Vold 1996:32f). Mens Olav H. Hauge seinare, i den modernistiske, konkrete perioden sin, gir oss tinga utan å tolke dei for oss, hevdar Vold." (Sture 2004:132)

"*Dei beste dikt i verdi*" Olav H. Hauge og sonetten.

virkelighetssans som brakte han inn i mørket - det mørket som gir en slik enorm klangbunn i all hans dikting, ikke minst hans alders lette vers, som manifisterte seg for godt i diktsamlingen *Dropar* i austavind fra 1966, med selve hverdagsligheten bokstavert: '...det gjeng an å leva/i kvardagen også/den grå stille dagen/setja potetor, raka lauv/og bera ris,/det er so mangt å tenkja på her i verdi/eit manneliv strekk ikkje til...' (Vold 1996:77ff)

Her er altså meir av det same, og han viser tilbake til essayet frå 27 år tilbake.

I all hovudsak, og som ein forenkling, kan ein da seie at Olav H. Hauge endra skrivemåte frå ein romantisk til ein modernistisk tilnærming. Dette er ein forståing som skurrar for oss som les forfattarskapen som ein heilskap. Sjøl las eg ikkje Olav H. Hauge sine dikt før de låg føre i *Dikt i samling*. Da er det lettare å sjå diktinga under eit, som ein samla heilskap. Den generasjonen som las diktbøkene etterkvart som dei blei gjeve ut, omlag med fem års mellomrom, har nok mykje lettare for å sjå dei som einingar, som stend for seg sjølv. Las ein berre *Dikt i samling*, uansett utgåve, vil ein ikkje i like sterk grad leggje merkje til bokane som eigne einingar. Da er det også kan hende lettare å sjå det som binder saman og går igjen i heile forfattarskapen?

Ennå meir skurrar ein slik tilnærming når ein ser på sonettane. Som sjanger er sonetten omlag 800 år, men den hadde ein renessanse i romantikken. Vi skal sjå nærmere på historia til sonetten, men det høver her å sjå på kva som forbindast med romantikken. I England består den romantiske kanon av lyrikarar som Wordsworth, Coleridge, Keats og Shelley, som alle skreiv sonettar. Det er også verdt å merkje seg at den første sonetten Olav H. Hauge hadde på trykk i bok, var "Til Shelley". Det er sterke kopplingar mellom sonetten og romantikken i litteraturhistorisk samanheng – men også i forfattarskapen til Hauge.

Det er sjølvsagt med romantikken som med dei andre litteraturhistoriske periodenemningane, at det er vanskelig å definere og ingen definisjon passar på all dikting som fell innanfor perioden. Dessutan har poetar skrive i ein romantisk tradisjon i tider som fell godt utanfor den historiske ramma. Men sjølv om terrenget

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

alltid er større enn kartet, så kan vi gjøre oss nytte av kart. Om romantikken skriv Asbjørn Aarnes bland anna dette:

Følelsenes rett understrekkes lidenskapelig. Universet blir opplevet som besjelet og organisk, verdensoppfatningen er monistisk eller panteistisk. Naturen og den ytre virkelighet sees som avspeiling av den egentlige, åndlige virkelighet og anvendes ofte som symboler for denne bakenforliggende realitet.

(Aarnes 1967:173)

Dette står i tydeleg kontrast til de sidene ved Olav H. Hauge si dikting som Jan Erik Vold og andre har forfekta. Så kan ein jo spørje seg kor knytta til romantikken Olav H. Hauge sine sonettar eigentlig er.

7.Sonetten

"Sonnets reverberate with the memory of other sonnets." (Boland 2008:54). I dette utsegnet finn ein mykje av det som er fascinasjonen ved sonetten som sjanger. Ein kan verken lese eller skrive dei, utan å gjere det inn i ein svært lang, og nærmast ubrotten, tradisjon. Det er også ein sjanger som lovar lesaren mykje. Forma gjer at ein veit at det er ein sonett med ein gong, før ein byrjar å lese diktet. Sjølv ein ikkje spesielt trent lyrikklesar kan kjenne igjen ein sonett, berre på utsjånaden. Det gjer at det settast i gang ein særleg beredskap hos lesaren.

For sonetten er ikkje berre ein sjanger bland andre diktsjangrar, den blir rekna som ein svenneprøve innanfor lyrikken og ein meistersjanger. Den er eit symbol for det poetiske, i det minste for det man kan kalla førestellinga om kva det poetiske er. "[T]he sonnet is not merely an instance but also a textbook example, even a prototype, of the lyric mode." (Dubrow 2011:25) Ønskjer ein å reflektere rundt kva det lyriske består av og kva poesi er, så kan det synast som om ein ikkje kjem utanom sonettsjangaren.

Som det har blitt nemnt, så har dei fleste store, og små, lyrikarane skrive sonettar. Dermed føyer ein sonett seg inn i ei rekke av dikt skrive av namn som lyser på poesihimmelen. Det er med ein forventning om å få lese forvitneleg poesi på høgd med dei verkeleg store lyrikarane, vi går i gang med å lese ei sonett. Vi gjer det med eit medvit om litteraturhistoria, som nok er heilt særeigen, om ikkje unik, for sonetten. "Sonetten "husker" kanskje sin begynnelse bedre enn noen annen litterær genre." (Karlsen 2000:319) Den hugsar nok meir enn sin byjing, om den ikkje hugsar alle sonettar som er skrivne, så hugsar den i det minste dei beste av dei. Kvar nye sonett som blir skrive prøvar å fylla ein form som ikkje er heilt tom. Det er ein allereie fylt form.

[T]here have been few major poets who have not attempted sonnets; and even today, when verse is freer, formally speaking, than ever before, most contemporary poets – even such apparently wild men as e. e. cummings – have at least one or two sonnets among their lyrics. The existence of hundreds of thousands of sonnets in all the vernaculars of western Europe proves that for 750

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

years at least, the sonnet has been challenging and satisfying to the poetic imagination.
(Spiller 1992:1ff)

Akkurat som sonetten gjer forventningar hos lesaren, forventar også sonetten at lesaren forstår at det er ein sonett han les:

Arguably, it is possible to make sense of many poems without consciously identifying their genres, but to read a sonnet without recognising that it is a sonnet is likely to frustrate any competent understanding.
(Furniss 2007:355)

Derfor er det viktig at vi har ein god forståing av sonetten si historie, form og utvikling, før ein analyserer ein sonett. Mykje, om ikkje alt, av det som gjer ein sonett til ein sonett, var på plass allereie i de aller første sonettane. Sonetten har overlevd så å seie uforandra i snart 800 år, og mykje av det vi tar for gitt i moderne lyrikk kan sporast tilbake til sonetten. Dessutan kan ein seie at "[t]he link between theory and practice is self-evident: inherited ideas about what poetry is will have a direct impact on the poetry that gets written." (Cook 2004:3)

7.1.Opphav

Sonetten kan sporast tilbake til ein mann og ein stad, Giacomo de Lentino (1188-1240), som oppfann sonetten rundt år 1235. Han tilhørde hoffet til Fredrik II, som bland anna var konge av Sicilia og hoffet hans i Palermo var kjend for å vere eit senter for danning og kunnskap,¹² og poetane som tilhørde hoffet var kjend som den sicilianske skole.¹³ Giacomo de Lentino var skrivar i hoffet, *il Notaro*, som Dante refererer til han som i *Purgatorio* (Oppenheimer 1989:171). Men vi veit ikkje så mykje om livet til Giacomo.

¹² Dette blir grundig diskutert i innleiinga til Oppenheimer, P. (1989) *The Birth of the Modern Mind: Self, Consciousness, and the Invention of the Sonnet*. Oxford University Press, USA.

¹³ [...] en gruppe diktere tilknyttet hoffet til Hohenstaufen-monarkene på Sicilia på 1200-tallet. Skolen er kjent for å ha etablert italiensk som litterært språk og for å ha oppfunnet sonetteformen. [...] Skolen har hatt stor betydning, både formelt og tematisk, for senere italiensk dikting [...] (Lothe 1997:232)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

He survives in his poetry and in the single most significant innovation in literature in the past eight hundred years, his invention of the sonnet, with all that it came to mean for human expression.
(Oppenheimer 1989:18)

Det er brei einigkeit om at Giacomo er oppfinnaren av sonetten, av dei 125 dikta som har overlevd frå Fredrik II sitt hoff på Sicilia, er 35 sonettar – og av disse er opp mot 25 rekna for å vere av Giacomo de Lentino. Det var fleire i hoffet som skreiv dikt og sonettar, også Fredrik II sjølv skreiv sonettar. Men sjølv om vi veit lite om livet til Giacomo, så har vi ikkje grunn til særleg tvil om at han er mannen bak oppfinninga av sonetten:

When literary works are attributed to emperors and princes, one has suspicions; but the attributions to da Lentini cannot come from flattery or the magnetism of the great, and there is no reason to deny this thin shade the credit of writing the first sonnets in the world.

(Spiller 1992:13)

Michael R. G. Spiller hevdar at vi ikkje kan vite kven av Giacomo sine sonettar som var den første, fordi det ikkje finnast spor at eksperimentering eller utvikling. Men Paul Oppenheimer hevdar, med Ernest Hatch Wilkins, at nr. XI kan vere Giacomas første. Om dette stemmer, er det også den første sonetten i verdshistoria:

"Sonetto XI"
Molti amadori la lor malatia
portano in core, che 'm vista nom pare;
ed io nom posso, sì celar la mia
ch' ella nom paia per lo mio penare;

però che son sotto alturi segnoria,
nè di meve non ò neiente a fare,
se non quanto madonna mia voria,
ch' ella mi pote morte e vita dare.

Su' è lo core, e suo sono tutto quanto,
e chi non à consiglio da suo core,
non vive imfra la gente como deve.

Càd io nom sono mio nè più nè tanto,
se non quanto madonna è de mi fore,
ed un poco di spirito ch' è 'n meve.

"*Dei beste dikt i verdi*" Olav H. Hauge og sonetten.

(Giacomo de Lentino i Oppenheimer 1989:52)¹⁴

Om dette et den første av alle sonettar, skal eg vere forsiktig med å uttale meg om, men det er uansett ein av dei aller første. Som vi ser, så har den 14 linjer og rimar ABAB ABAB CDE CDE, noko som er typisk for den italienske forma av sonetten, og dette mønstret har sonettane følgt, med nokre variasjonar, fram til vår tid. Dessutan har den, ifølge Oppenheimer, eit trekk som ein vanelegen reknar for moderne, den vender seg ikkje til eit publikum, men til seg sjølv – både som poet og som form.¹⁵

The arrival of the sonnet marks an inward turn in Italian poetry: lyric purifies itself, and becomes a reflection on reflection. The sonnet form thrives on, and fosters, debate within the self, a thorny internal monologue. But it also reins in, and rounds off thinking, and so makes inwardness complete.

(Burt, Mikics 2010:7)

Det nye med sonetten, er at poeten er vend innover mot seg sjølv, det er ein indre monolog, og den er opptatt av si eiga form. Sonetten er, meir ein nokon annan lyrisk sjanger, ein metasjanger. Den utforskar si eiga form og det poetiske, og den gjer det i ei avgrensa form og den har gjort det heilt sidan byrjinga.

In the measured room of its stanza, the sonnet embodied a new way of thinking and being. It made space for the self to hold audience with the "inmost" self we may take for granted but often have trouble naming - a psychological or metaphysical entity called soul, mind, the *cogito*, consciousness. We refer to the process of engaging this inmost self (a silent, interior dialogue) as self-consciousness.

(Levin 2001:xliv)

7.2.Form

¹⁴ So many lovers carry their love-disease/Inside their hearts, where it cannot be seen,/But I cannot conceal my fierce unease/So that it does not glimmer through my pain./I'm under just one woman's haughty eye—/She neithers stirs nor does a thing, in truth—/Unless my Lady makes me some reply,/Because she can pronounce my life and death./My heart is hers, me too—all, all for her—/And he who fails to listen to his heart/Can't live with people, as he should, or share./I suffer thus: am neither here nor there,/Unless my Lady guides me, thogh apart,/Unless my bit of spirit guides me, here. (Oppenheimer 1989:53)

¹⁵ "In fact, the poem itself makes the impression of a meditation; and it may be addressed [...] to the very form in which it is written." (Oppenheimer 1989:183)

Sonetten har ein fast og svært lett gjenkjenneleg form.¹⁶ Den består av 14 linjer, sjølv om det har vert nokre avvik frå det, og den rimar i eit bestemd mønster.¹⁷ Rimmønsteret heng saman med kva for ein variant av sonetten det er, vi har den italienske, den engelske og den franske varianten. No er det også sjølvsagt slik at mange poetar har gjeve sine eigne sonettar forandringar i høve til disse kjende variantane. Men de er ikkje større enn at vi straks skjørnar at det er ein sonett vi les.¹⁸ Denne forma har altså, meir eller mindre, vore fast siden 1235. Det er snakk om ein fruktbar tvang.

The sonnet is probably the longest-lived of all poetic forms, and certainly the longest lived of all *prescribed form*. [...] Identity is formal, not thematic, as it is in tragedy or ode. [...] [H]ere the duration as well as the structure of the whole poem is predetermined [...] The poet may choose to write another one, of course, as often as he or she likes, but the poem itself ends at a point not controlled by the author's will. [...] The sonnet preemptively solves two problems: proportion and extension; and while it this is a challenge, it is also a security, a kind of metrical extension of feudalism, a definitive service required and requited.
(Spiller 1992:2)

At forma er gitt og så lett å kjenne igjen er mykje av attraksjonen til sonetten. Det gjeld nok både for poeten og for lesaren. For lesaren er det spanande å se kva poeten har fått ut av å gå inn i det rommet sonetten er. Når man som leser kjenner igjen forma, kan ein straks samanlikne med andre sonettar – av same poet, eller av andre poetar til andre tider.

¹⁶ "Few terms in literary study are more widely used than f[orm].., but the term is so variable and inclusive that it ends by being one of the most ambiguous that we have. At one level it can refer to the minutiae of the text, at another to the shape of the text in itself, at a third to the characteristics a text may share with others, at still another level to a transcendental or a Platonic model from which the text imperfectly derives; and it may have several of this meanings within the works of a single theorist." (Preminger 1993:420)

¹⁷ "The easiest thing to say about the sonnet is that it is a fourteen-line poem with a particular rhyme scheme and a particular mode of organizing and amplifying patterns of image and thought [...]" (Levin 2001:xxxvii)

¹⁸ "In any language, the sonnet has an undeniably recognizable shape, easy to see at a distance." (Levin 2001:xxxviii)

8.Sonettvariantar

Det finst nokre gitte og mykje brukte variantar av sonetten, i tillegg til at det altså finst mange variantar som er meir unike og skapa av forfattaren til eit spesielt bruk. Dei to viktigaste av dei gitte formane, er den italienske og den engelske. Disse variantane er også kjende som *Petrarca-sonetten* og *Shakespeare-sonetten*, etter dei mest kjende og berømte utøvarane – og ikkje fordi dei oppfann formane, men fordi dei gjorde formane til sine og var hovudeksponentar for disse variantane.

Hovudforskjellen på disse to variantane er korleis dei blir avrunda, eller rettare sagt, i korleis dei blir avslutta. Den italienske varianten avsluttast med ein sekstett, med med moglighet for ein mengd ulike rimmönster, medan den engelske avsluttast med ein kuplett, som jo ikkje gjev moglighet for noko anna enn eit par-rim. Dette har også innverknad på korleis resten av sonetten er bygd opp.

Den italienske har $4 + 4 + 3 + 3$ strofer, vanleg rimmönster er *abba abba cde cde*. I den engelske sonetten finner vi $4 + 4 + 4 + 2$ strofer med rimmönster *abab abab cdcd efef gg*. Sjølvsgart kan det vere variasjonar i rimmönster, det vi her har sidd på er dei vanligaste strofeinndelingane og rimskjema.¹⁹ Kanskje er det også slik at det er strofeinndelinga og det talmessige forholdet dei imellom som er det interessante, langt meir enn rimmönster. Som Fuller skriv:

But the greater flexibility in rhyming is not the main difference between English and Italian form. More important is the difference of effect in the proportions eight and six and twelve and two, particularly in the ending of the sonnet, where the couplet makes the English sonnet seem particularly summary or epigrammatic.
(Fuller 1972:15)

8.1.Sonetteteori

"Skal dette verta ein sonett?" spør Olav H. Hauge i "Ein skrøpeleg sonett", ein sonett om sonetten. "Poets and critics have argued for centuries about how to define the

¹⁹ Sjå f.eks Janss, Christian & Refsum, Christian. (2003) *Lyrikkens liv : innføring i diktlesning*. Universitetsforlaget, og Fuller, John. (1979) *Sonnet (Critical Idiom)*. Routledge Kegan & Paul.

"*Dei beste dikt i verdi*" Olav H. Hauge og sonetten.

form, and where to locate the borders of the form." (Burt, Mikics 2010:3) Ja, kva skal til før ein kan kalle eit dikt for ein sonett?

Det er ikkje eit enkelt spørsmål å svare på, sjølv om ein kan liste opp det som er dei formelle trekka ved ein sonett, har mange poetar kalla dikta sine sonettar – sjølv om dei bryt radikalt mot dei formelle kjenneteikna. Er det då nok at forfattaren kallar det ein sonett? Vi skal no sjå nærrare på korleis sonetten har blitt definert og avgrensa. Sjølv de sonettane som bryt mest radikalt mot reglane gjer det ved å forholda seg aktivt til dei formale krava til den klassiske sonetten. Det er sjølv sagt fullt mogleg å gjere definisjonen nokonlunde enkel: "If, then, the poem is structurally a variant of the basic sonnet, we can rest happily in calling it a sonnet, too." (Spiller 1992:4)

John Fuller har skrive ein liten, men grundig, bok om sonetten, som rett og slett heiter *The Sonnet* (1972). Her gjev Fuller eit godt innblikk i sjangeren, både historisk og formelt. Han gjer greie for dei ulike variantane som har vore nytta, og han gjev også eit oversyn over variantar og avvik. Den største styrka til Fuller si bok ligg i klassifiseringa han gjer av både den klassiske sonetten og dei nyare variantane. At John Fuller brukar klassifiseringa og historia til å kvalitativt vurdere sonettar, er meir problematisk.

For til trass for at finst variantar og avvik, som kan kallast sonettar, så hevdar Fuller at berre er den italienske sonetten som er legitim. Han grunngjev det med at skal ein slik minimal form, som blir halde i live via variasjon, haldast i hevd, må den ivareta sin arv og sine reglar. "Thus it is the Italian (or Petrarchan) sonnet which is the legitimate form, for it alone recognizes the peculiar imbalance of parts which is salient characteristic" (Fuller 1972:1).²⁰

Vidare skriv Fuller at den engelske sonetten gjer noko anna med forma, gjev den ein annan balanse, som er både mindre interessant og mindre subtil. Den er altså noko anna, ein form for uekte barn av den opphavlege og legitime italienske sonetten. I

²⁰ "But the quintessential feature of its design is not as apparent. Whatever its outward appearance, by virtue of its infrastructure the sonnet is asymmetrical. The dynamic property of its structure depends on an uneven distribution of lines, of the weight they carry. It is top-heavy, fundamentally. Opposition resides in its form the way load and support contend in a great building." (Levin 2001:xxxviii)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

boka drøftar Fuller også andre variantar og former, som han kallar "freak varieties". Disse, hevdar han vidare, hyllar berre den legitime forma dei gjev ekko frå, ved å fornekta den. Dette er ein for streng og ortodoks haldning til sonetten, særleg med tanke all eksperimenteringa som er gjord med sonetten i disse 800 åra den har eksistert. Ein kan spørje seg om ein slik streng definisjon har noko for seg i dag.

Det er vel også slik at ein neppe kan seie at Shakespeare sine sonettar ikkje er interessante eller subtile. At ikkje alle av dei 154 sonettane i utgåva frå 1609 er like gode, og heller ikkje alltid gode dikt, seier ikkje noko av verdi om dei beste av dei.

Det har vore gjort så mange eksperiment innanfor sonettsjangaren, at ein nok kan seie at den tradisjonelle definisjonen ikkje passer lenger. På den andre sida må ein hevde at ein ikkje kjem utanom ein tradisjonell og "trong" definisjon. Berre på bakgrunn av kjennskap til dei strenge lovane til sonetten, kan ein vurdere kor vellykka ein tradisjonell sonett er. Skal ein vurdere ein sonett som bryt mot dei vedtatte reglane må ein også kjenne til dei. Uansett kva ein måtte meine om i kva for grad ein kan seie at den italienske sonetten har forrang, så må den vere utgangspunktet for ein diskusjon om sjangeren og om kvalitet i sonettar, om ikkje anna så berre i kraft av å vere opphav - sjølve ur-sonetten.

Sjølv var nok Olav H. Hauge oppteken av dei strenge reglane, men han såg også at det var rom for variantar og at det var meir ein å fylgje dei tradisjonelle reglane som skulle til for å skape eit dikt:

Frå gamalt av var det strenge lover korleis ein sonett skulde vera,
sjå berre i ei verselære! Vel, verselæra gjev ålmenne reglar, ho
fortel deg ikkje korleis eit dikt vert poesi. Ein verkeleg god sonett
gjeng gjerne etter si eigi lov, du kjem kanskje ikkje i hug det er ein
sonett når du les han; ser du etter, stend hovuddragi av skjemaet
attum som på eit kalkepapir.
(Hauge 1978:52)

Men om det frå gamalt av nok er strenge lovar, kan mykje reknast for sonettar som bryt med disse reglane. "Men uroa og musikken er der alltid, som ein indre motstand mot den arkitektoniske forma. For å sjå dette, treng ein ikkje gå til dei modernistiske eksperimenta [...]. Vi rører ved sjølve livsnerven i alle gode sonettar." (Kittang

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

1994:113) Kor mange reglar som kan brytast før det ikkje lenger er ein sonett, er det ikkje lett å svare på. Sjølv ein svært trena leser må få signaler frå diktet om at det er ein sonett. Det kjem an på lesarkompetansen kor mange signaler som må til, og diskusjonane om kva som skal til for at eit dikt skal knyttast til sjangeren er no gamal.

"Questions about what counts as a sonnet, about how we should use the term, are now centuries old; a strong sense that such questions have no stable answer, that they can never be resolved, distinguishes the late twentieth and the early twenty-first centuries, and affects how their strongest and strangest sonnets sound."

(Burt 2011:245)

Mange peikar på det arkitektoniske draget ved sonetten, den har ein tydelig avgrensing og blir ved det rommelig. Som i den berømte sonetten til Wordsworth:

"Nuns fret not at their convent's narrow room"
Nuns fret not at their convent's narrow room;
And hermits are contented with their cells;
And students with their pensive citadels;
Maids at the wheel, the weaver at his loom,
Sit blithe and happy; bees soar for bloom,
High as the highest Peak of Furness-fells,
Will murmur by the hour in foxglove bells:
In truth the prison, unto which we doom
Ourselves, no prison is: and hence for me,
In sundry moods, 'twas pastime to be bound
Within the Sonnet's scanty plot of ground;
Pleased if some Souls) (for such there needs must be)
Who have felt the weight of too much liberty,
Should find brief solace there, as I have found.
(Levin 2001:89)

Men om poetane frivillig har gått inn i dette buret, så har dei altså heilt frå byrjinga rista i stengene.

In Italian, the word *stanza* means "room". It may help to conceptualize the sonnet as a room (or stage) that can be divided in a number of different ways to serve many functions. Since its overall dimensions and circumference do not change, whatever occurs within that space will always be determined to some degree by its size and haunted by the presence of its former occupants. Even if we rearrange, replace, or remove some of the furniture, the

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

marks will still be there to remind us of how things were positioned in the past.
(Levin 2001:xxxviii)

9.Ein liten song?

Mange har også hevda at sonetten er ein form for song, at det eigentleg høyrer musikk til. Mykje fordi ein har tenkt seg at sjølve ordet 'sonette' er avleia frå *suono* som tyder liten song eller ein liten lyd. Denne oppfatninga har følgd sonetteteorien så å seie frå starten. Det er også eit syn som blir gjenteke i dei fleste oppslagsverk, bøker og artiklar om sonetten. Men Paul Oppenheimer er av ein annan oppfatning i boka *The Birth of the Modern Mind*, og med det gjev han sonetten ein annan status og nye implikasjonar for korleis ein kan oppfatte sonetten. Dette kjem vi tilbake til, men først litt om kva Oppenheimer skriv meir generelt om sonetten.

Han hevdar at sonetten er ein monumental oppfinning som har påverka utviklinga av sjølve den moderne tenkemåten og den moderne sjølvoppfatninga. Først og fremst er det sjølvsagt eit litterært gjennombrot, som fortsatt held stand:

[...] the sonnet's mysterious aesthetic perfection probably amounts in importance to the revelation of a psychological, as well as an aesthetic, law, or equation, or archetype: the sonnet, like the profoundest of small mirrors, still plumbs the depths of our best poets' richest gifts [...]
(Oppenheimer 1989:172)

Ikkje berre har det spora dei beste poetane til å skrive sine beste dikt i sonettform, men sonetten kan også seiast å markere byrjinga av det vi må kalle moderne poesi. Oppenheimer argumenterer i lengd om kvifor det er slik. Her skal eg berre freiste å gje eit, etter måten, kort referat av argumentasjonen hans i høve til kvifor han hevdar at sonetten ikkje er ein song eller originalt har vore tonesett. Som vi skal sjå, så er har det samanheng med kva som gjer sonetten moderne.

Kort sagt så passar ikkje sonetten til korleis ein laga musikk i mellomalderen. På den tida fylgde komponistane faste mønster, sonetten si ubalanse ville ikkje ha passa inn i nokre av desse mønstra. Det finnест heller ikkje nokre dokumentert tonesette sonettar før 1470, men mange andre tonesettingar frå 1200talet. Derfor er det, hevdar Oppenheimer, lite som tydar på at ein frå byrjinga har skrive sonettar med tanke på å setje musikk til. Tvert imot hevdar Oppenheimer, så er det slik at det mest

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

opplagde fakta er at sonetten rørde seg vekk frå, og ikkje mot eksisterande songformer (Oppenheimer 1989:176ff).

Det er nett dette som gjer sonetten nyskapande og mystisk. Den tilfører noko heilt nytt til poesien og til kossen vi tenkjer om oss sjølve. At sonetten ikkje er ein liten song, eller nokon form for song i det heile, gjer også at vi må revurdere korleis vi skal tyde ordet 'sonette'. Det virker ikkje som det tyder 'liten song' og heller ikkje som det var noko dei første sonetteforfattarne kalde strofeforma. Ordet 'sonette' brukt om strofeforma har vore tillagt ulike personar, men Oppenheimer gjev æra til Dante, som brukar det i *Vita nuova* i 1294. Ordet er kjend frå juridiske dokument allereie i 817, kor tydinga er mumling eller svak lyd. Ein har ingen grunn til å tro at Dante ikkje brukte ordet i den tydinga. Implisitt i dette ligg også tydinga av ordet *sonitus*.

In classical Latin *sonitus* can mean murmur, but its larger meaning is simply noise, not noise as in music, but noise as in empty sound, bombast, thunder.

(Oppenheimer 1989:181)

Kvífor er det så viktig å slå fast at sonetten ikkje er song? Jo, for i motsetnad til korleis lyrikken hadde vore til då, så er ikkje sonetten eit verk for framføring. At sonetten egnar seg til indre monolog og meditasjon stend altså i sterkt kontrast til lyrikken som den var når sonetten entra scena. Sonetten adresserte seg ikkje til eit publikum og ikkje heller til subjektet for diktet, men er poeten i dialog med seg sjølv. Det er ein dialektisk form på sonetten, som forsterkar det dialogiske inntrykket. I oktaven presenterast argumentet som finn sin løysning i sestetten, og heile argumentasjonen førast som ein indre diskusjon. Som Paul Oppenheimer skriv om Gicomo sin sonett XI, den første av alle sonettar, som vi las over her:

He discovers, therefore, the way out of his predicament neither (as we might expect in a troubadour love song) by appealing to an outside, listening audience nor by appealing to the lady herself: he finds it through a process of dialectic self-confrontation (or as Yeats might put it, through a quarrel with self: the self, or persona, struggling within the poem), and he finds it within himself. [...] The form of the poem will solve the problem, and render superfluous the need, found in more conventional songs, for the persona to split into rival personae. This is a new and, I would maintain, perhaps

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

even profound development in the "modern" poetry of the West, suggestive of those tendencies toward introspection in search of form which, it is fair to say, have guided the best poets ever since.
(Oppenheimer 1989:183-184)

Dette er sjølvsagt av avgjerande tyding for korleis vi kan forstå sonetten sin historie og som byrjinga på moderne poesi og vår moderne sjølvforståing. Men det kan også vere med på å gje oss ei forståing av kvifor nett sonetten høva så godt for Olav H. Hauge. Som vi allereie har vore inne på, så er det ein uvanleg stor personfokus i Hauge-resepsjonen. Han er vismannen som har trekt seg bort frå verda og som fører samtalar med seg sjølv om meiningsa med livet og litteraturen. Olav H. Hauge er også ein som meir tydeleg ein dei fleste andre norske poetar er i tydeleg dialog med forfattarar frå andre tider. Dessutan er Hauge ein poet som skriv mange metapoetiske dikt og utforskar kva poesi og kunst er, og kva rolle litteraturen spelar i menneskelivet.

Som vi har sidd, så er det nett der sonetten kjem inn i litteraturhistoria også, der kor poetane treng ein form kor dei kan utforske kva poesi er og kor ein kan gje eit poetisk uttrykk til sine indre monologar og dialogar. Sonetten er ein sjanger som passar einsemda. Ikkje berre er det slik at adressaten er ein sjølv og til og med sin eigne litterære utforming, men tematikken kretsar rundt einsemrd. Det vert ofte hevda at sonetten er kjærleikslyrikk, men det er berre ein halv sannheit. Noko som visar seg i den dialektiske naturen til sonetten, kjærleik er tema – men spørsmålet er ofte kvifor den utkåra ikkje elskar tilbake, i oktaven, og svaret, i sestetten, er like ofte korleis ein kan lære seg å leve utan denne kjærleiken.

Korleis ein kan lære seg leve med einsemda, kan ein frå sekundærlitteraturen og frå dagbökene, nok greit tenkje seg var eit tema Olav H. Hauge baska med, både heilt privat og i sine dikt. Ein skal jo, etter Barthes, vere forsiktig med å blande det private inn i diktinga, men ein kan moglegvis her finne noko av kvifor Olav H. Hauge var så fascinert av sjangeren? Alt frå unge år veit vi at han las mange sonettar og også at han skrev eit stor mengd sonettar. I vår samanheng er det viktig å leggje merkje til at mange av dei dikta Olav H. Hauge først fikk på prent, er sonettar. Rett nok er det omsette sonettar, men dei er av dei store meistrane. William Shakespeare,

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Wordsworth og Spenser er ikkje smågutar i sonettverda, og å måle seg med desse vitnar om Hauge sin sjølvkjensle som poet i høg klasse allereie som ung.

Så det er kan hende ikkje ei gåte kvifor Olav H. Hauge skrev sonettar, eller kvifor han tidleg skrev mange av dei. Nei, gåta er meir kvifor Hauge ikkje prenta fleire eigne og omsette sonettar. Dei fleste som skriv om Olav H. Hauge sin sonettproduksjon ser på han som utsøkt, og det gjeld også dei han omsette. Sonettane har vore sedd som bland dei beste dikta Hauge skrev frå tidleg av, så han må sjølv ha vore klar over kor godt motteke dei har vore. Uansett korleis ein vel å nærme seg Olav H. Hauge sin forfattarskap så kjem ein ikkje utanom sonettane. Ingen som las Hauge sine dikt vil vere i tvil om at nokre av dei beste dikta han nokon gong skrev, var i sonetteforma. Men når det er sagd, så er ikkje alle sonettane av like høg klasse.

Derfor kan ikkje svaret på kvifor han prenta så få, vere at han kun ønskte å berre stå inne for sonettar av høgste kvalitet. Ein så sjølvmedveten poet som Olav H. Hauge, som også hadde lese så mykje, var nok også klar over at sonettar som "Gullhanen", "Til eit Astrup-bilete" og "Grøne øyar" var betre som dikt og som sonettar enn nokre av dei andre. Men diverre kan vi aldri få vite svaret på kvifor det ikkje finst fleire sonettar frå Hauge si hand. Vi kan sjølvsagt spekulere, og vi veit ganske mykje om kva Hauge tenkte og synest om sonetten. Diverre var Olav H. Hauge sparsam med å kommentere eigen diktning.

Men å spekulere vil vere fruktlaust, for det meste, men det er noko gåtefullt med forholdet mellom poet og diktforma han sett så høgt – som eg tykkjer kan få klinga med i lesnaden av sonettane. Vi veit at Olav H. Hauge skreiv mange fleire sonettar enn dei han prenta, det gjeld i høg grad eigenproduserte sonettar, men også omsette. Vi veit også at han meinte mange av dei beste dikta i litteraturhistoria var skrive i sonetteforma. Nokre av hans eigne sonettar kan måle seg med dei beste i verdslitteraturen, men ikkje alle. Det er eit spenn her, mellom kvalitetane dei eigene sonettane har, og korleis dei er i høve til dei sonettemeistrane Olav H. Hauge sat så høgt.

10.Olav H. Hauge og sonetten

Olav H. Hauge har mange gonger blitt kalla ein sonettemeister. Noko som bl.a Hadle Oftedal Andersen viser til:

Olav H. Hauge er rekna som den fremste sonettmakaren i Noreg.
Denne posisjonen har han fått gjennom ein liten, men særdeles
utsøkt produksjon. [...] Ein dryg neve av dei må reknast til den
absolutte kanon innanfor norsk lyrikk [...]
(Andersen 2009:104)

Han er ikkje aleine om å rekne sonettane bland det ypparste Olav H. Hauge skeiv: "Av den handfull med Hauge-dikt eg meiner fortener namnet meisterverk, er det svært mange sonettar [...]" (Lóden 2008:278) skriv Eirik Lóden i boka *Tid å hausta inn*. Så det er ein konsensus i Hauge-resepsjonen om at sonettane noko av det beste han skreiv. Det er også brei einigkeit at han er blant de beste i Norge, til tross for at han publiserte så få.

Det er ikkje fleir enn seksten sonettar i *Dikt i samling* og fire i *Dikt i umsetjing*. Ein kan ikkje seie at det er i tal sonettane ruvar. Likevel kan ein hevde at sonettane ruvar i forfattarskapen til Olav H. Hauge. Fleire av dei reknast, som nemnd, bland de beste av dikta hans, og sonettar som "Gullhanen" og "Til eit Astrup-bilete" er også mykje lese og omtala. "Eg vil påstå at det er dei beste dikt i verdi som er skrivne i sonettform", sa Olav H. Hauge sjølv i eit videointervju med Idar Stegane.²¹

Utsagnet sier ikke bare noe om alt annet enn småålåtne dikterambisjoner fra en som selv er sonettsmaker, men også noe om [at] [...] [k]anskje sonetten *kan* oppfattes som en metonymi for det lyriske [...] kanskje den strenge ytre og indre strukturen på en særskilt måte innfanger spenningene i det som er særegent for det lyriske, slik at det er nettopp i sonett-litteraturen vi finner de beste diktene "i verdi".
(Karlsen 2000:350)

²¹ Her sitert etter ein epost til meg frå Idar Stegane 31.10.2009: "Eg såg på opptaket i går kveld, og det sitatet du vil ha, er slik: "Eg vil påstå at det er dei beste dikt i verdi som er skrivne i sonettform" (han sa "i være", men eg har normalisert det til "i verdi" som han sjølv ville ha gjort.). Han sa dette då vi samtala om diktet "Korea". Samtalen er kronologisk frå fyrste til siste bok, så dette kjem når vi snakkar om dikt frå Seint rodnar skog i djuvet, om du har opptaket for hand. Diktet er plassert inn i samanhengen først i 1964 då det kom med i utvalet som Ragnvald Skrede gjorde."

Dette skriv Ole Karlsen i det avsluttande kapitelet i *Fansmakt og bergsval dom*, og her er det fleire ting å bite seg merkje i. Ein ting er dette med at Olav H. Hauge ikkje er smålåten når det kjem til eigne ambisjonar. Han er jo ellers kjend for å vere nett smålåten og audmjuk. Men han er det altså ikkje på vegne av sonetten, korkje på eigne eller store poetane sine vegne. Det andre er at sonetten er ein plass for det særeigne lyriske. Så det er på mange måtar sjølve lyrikken og poesien som Olav H. Hauge ikkje er smålåten på vegne av. Han veit kva dikt kan bety både personleg og på eit overordna plan. Å skrive dikt, og å lese dikt, er ikkje berre eit tidsfordriv, det er sjølve nerven i livet. Det ligg ein bevisst handling bak å skrive seg inn bland dei største poetane med dei "beste dikt i verdi".

Olav H. Hauge hadde eit livslang forhold til sonetten og sjølv om han publiserte få, er det ikkje tvil om at han skreiv mange. Det finnест nokre tidlige døme på sonettar i dagbökene, og 6 januar 1938 skriver han: "Elles hev eg stræva med ein del sonettar; no hev eg soleis 60, men mange er diverre ringe forseggjorde. Slikt krev mykje arbeid." (Hauge DB1 2000:195) Kor mange av dei som dannar direkte grunnlag for seinare sonettar veit vi ikkje, men han har i alle høve trenat mykje på sjølve forma. Den eldste sonetten vi finner i dagbökene er skriven inn i 1929, men datert 1927.

At denne sonetten er datert 1927, er ikkje utan betydning, for "[d]et eldste diktet i *Glør i oska* der tilblivelsesåret kan bestemmes noenlunde sikkert, ble til i 1927." (Karlsen 2000:278) Det tyder jo på at Olav H. Hauge skreiv sonettar parallelt med at han skreiv dikta som blei til samlinga *Glør i oska*. Dermed er det slik at Hauge skreiv sonettar samstundes med at han skreiv de dikta som seinare vart publiserte. Dei siste sonettane han skreiv, blei publiserte var i avdelinga *Janglestrå* som kom som eit tillegg til *Dikt i samling* i 1980. Olav H. Hauge skreiv altså sonettar i over 50 år, minst. Det er ingen annan subsjanger²² han dyrka like jamnt og trutt.

Olav H. Hauge skreiv sonettar som, ifølgje Hadle Oftedal Andersen, som nemnt før, er frigjorde vers i sonettform (se Andersen 2009:105). Men ein må kunne påstå at

²² Eg vel sjølv sagt å sjå bort frå "frie vers", som består av så mange variasjonar at det ikkje kan karakteriserast som ein eigen subsjanger.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Olav H. Hauge skreiv sonettar innanfor den tradisjonelle definisjonen. Mange har peika på brota med reglene for sonetten som Hauge gjer. Eg har allereie nemnd Kittang som skriv at sonettane er "forbi det teknisk mørnstergyldige" (Kittang 1994:114) og Söderblom som kallar Hauge sine sonettar for ville. Eirik Lóden har også i den seinare tid hevda mykje av det same: "[...] det store med Hauges sonettar er nettopp at forma buttar og stretar imot – slik ein i alt det beste han skreiv, fåe eit inntrykk av *kamp* med form og stoff." (Lóden 2008:278)

Det er sjølsagt fullt muleg at sonettane til Olav H. Hauge er store fordi han kjempar med forma. Men det tyder også at han kjende forma godt. Som vi har sett, så er det variasjonar til stades heilt frå byrjinga av sonetten sin historie. Det er heller ikkje mogeleg, langt mindre ønskeleg, å svare stabilt og eintydig på kva ein sonett er (sjå Burt 2011:245). På mange måtar kan ein nok seie at det å kjempe med forma og tilpassa form til innhald også er ein gyldig del av den klassiske sonetten. Det er ikkje noko som er tilförd sjangeren i moderne tid, og heller ikkje av modernistane. Det er som Atle Kittang skriv, noko som gjer ein sonett god, det at den har ein indre motstand (sjå Kittang 1994:113).

Så mykje av det som knytta Olav H. Hauge sine sonettar til ei modernistisk tilnærming til diktning, ifølge enkelte av kommentarane, kan like gjerne sjåast som ein tilknyting til den klassiske sonetten. Det finst mange måtar å forhalde seg til ein tradisjon på. Mange av dei lyrikarane Olav H. Hauge sat høgt, skreiv innanfor den klassiske tradisjonen. Noko vi kan sjå utifrå dei han omsette i unge år, blant anna. Det som er interessant er å sjå at Hauge skriv innanfor denne tradisjonen.

Seeing how each writer meets the challenge of transforming an inherited pattern heightens our understanding of the living conversation between past and present. When a sonnet is true to its nature, it encompasses contradiction and arrives at resolution or revelation.

(Levin 2001:xxxix)

Så å ta standpunkt til om Olav H. Hauge var ein ny-enkel modernist eller romantikar heile livet, er kanskje polemiske standpunkt som gjer utydelig den kontinuitet han stod for? Han var i aller høgaste grad ein poet som i sine dikt førte ein samtale med

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

poetar frå tidligare tider og dikta deira. Om sonetten innførde den indre monologen i poesien, så nytta i alle fall Olav H. Hauge han til å snakke med poetar frå alle tider.

[O]ne fact about the sonnet proved inescapable: the sonnet *had* a history – and to write a sonnet was to participate in a line of poets, stretching back for centuries, who had taken up the form.
(Burt 2010:21)

Det er vel nett ein av grunnane til at Olav H. Hauge skreiv sonettar, det å ta del i og å verta ein del av historia. Han har plassert dei få sonettane som vardar langs den diktarvegen han gjekk, og som han ønskte vi skulle følgja i vår lesnad av Olav H. Hauge samla verk. Kan hende trekk eg det litt langt. Men sonettane stend der som påminningar om at vi les ein diktar som er ein del av noko langt større enn ein vestnorsk lyrikktradisjon, enn ein eksponent for det ny-enkle eller det moderne og noko langt, langt meir enn ein nynorskdiktar.

11. Diktbøker og *Dikt i samling*

"Eg vil påstå at det er dei beste dikt i verdi som er skrivne i sonettform", sa Olav H. Hauge altså sjølv. Det seier ein god del om kva han sjøl tenkte om sjangeren. Fleire har hevda at Hauge utvikla seg frå ei tradisjonell poesi til ein meir moderne lyrikk. Men i første diktboka er det ingen sonettar.²³ Det er også verdt å nemne at Olav H. Hauge førte inn sonettar i *Dikt i samling*, sjølv etter at han slutta å gje ut diktbøker. Sjølv kalla Olav H. Hauge det for "utfylling":

Ja, eg las korrektur på *Dikt i samling* 1993 i joli. Det såg ikkje verst ut. Dei nye diki – nye er dei ikkje men dei har ikkje stått på prent fyrr – er det ikkje mykje med, men eg tok dei til utfylling²⁴ for nokre dikt eg strauk.

(Karlsen 2006:65)

Like medveten som Hauge har bruka sonetteforma, har han nok og vore medveten om å bruke sonettar som "utfylling". Fire av dei seksten sonettane som Olav H. Hauge fikk prenta i *Dikt i samling*, var ikkje med i førsteutgåvene av diktbøkene. Dei fire "nye" sonettane er plassert inn i *Under bergfallet*, *Seint rodnar skog i djuvet* og *På Ørnetuva*. Altså er dei ført inn i den tidlige delen av forfattarskapen.

Det er også verd å merkje seg at det som, for mange, reknast for det modernistiske gjennombrottet til Olav H. Hauge, diktboka *Dropar i austavind*, frå 1966, inneheld flest sonettar av alle diktbøkene sjølv om vi reknar med utfyllingane, fire stykk. Det vil seie i førsteutgåveversjon, og den har ingen utfyllingar i seinare diktbolkar.

Kva det har å seie for lesinga av *Dropar i austavind*, sonettane i ho og dei andre dikte - og ikkje minst heile forfattarskapen, er vanskeleg å slå fast. Men det er mogleg å se på det som at Olav H. Hauge sjølv ikkje tykte det var ein så klar motsetnad mellom det tradisjonelle og det modernistiske, eller mellom det romantiske diktsynet og samtidas diktsyn. Hauge likte nok den nye lyrikken, men ikkje alltid, som i følgjande sitat frå 1963 i dagboka:

²³ Men som vi har sett så skreiv han sonettar heile livet.

²⁴ Eg bruker difor omgrepet "utfylling" om dei sonettane som har kome med først i samleutgåver av Olav H. Hauge sine dikt, og som ikkje var med i førsteutgåvene av diktbøkene.

Dei unge er flinke å skriva, men dikta kan dei fan ikkje! Dei har so mykje ord, du slette tid! Dei kallar som Vår-herre alle jordsens og havsens og himmelens dyr fram, men skynar ikkje kva dei skal gjera med dei.

(Hauge DB2 2000:461)

Dette er uvanleg sterke ord til Olav H. Hauge å vere, men dette skriv han altså i dagboka etter *På Ørnetuva* og føre *Dropar i austavind*. No kan vi ikkje leggje alt for stor vekt på dette sitatet, fordi det er ytra i den svært private forma som ei dagbok er. Men krafta i utsegnet bør vi ikkje sjå bort frå, det seier mykje om synet på dei som skreiv poesi på byrjinga av 60-talet. Det er jo også dei som skal ta Olav H. Hauge til seg litt seinare og hylle modernismen hans, serleg etter 1966 og *Dropar i austavind*.

Hauge oppgir altså ikke de faste, tradisjonelle former etter den første fasen av forfatterskapet. Ved siden av å skrive frie vers rendyrker han den strengeste av dem alle, nemlig sonetten, en diktform som altså hadde sin renessanse i romantikken.

(Karlsen 2000:350)

Her er vi inne på noko som er svært spanande, sjølve sonetten sin funksjon, kanskje også misjon, i Olav H. Hauge sin forfatterskap. At sonetten er særskilt egna til å utforske sjølve det lyriske, har vi vore inne på allereie. Hauge skreiv mange dikt som er tydeleg metapoetiske, "[...] ett aspekt ved Hauges diktning er å utforske hva selve det lyriske er [...]" (Karlsen 2000:349) Det er altså ikkje berre i sonettane Olav H. Hauge utforskar det lyriske, men, hevdar Ole Karlsen, kanskje mest nett der.²⁵

"With this key Shakespeare unlocked his heart", skreiv William Wordsworth om sonetten i "Scorn not the sonnet", ein av dei mest velkjende sonettane på engelsk.

"Scorn not the Sonnet; critic, you have frowned"
Scorn not the Sonnet, critic, you have frowned,
Mindless of its just honors; – with this key
Shakespeare unlocked his heart; the melody
Of this small lute gave ease to Petrarch's wound;
A thousand times this pipe did Tasso sound;

²⁵ "Kanskje kan sonetten oppfattes som en metonymi for det lyriske, [...] kanskje den strenge ytre og indre strukturen på en særskilt måte innfanger det som er særregent for det lyriske, slik at det er nettopp i sonett-litteraturen vi finner de beste *diktene* i "i verdi"..." (Karlsen 2000:350)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Camöens soothed with it an exile's grief;
The Sonnet glittered a gay myrtle leaf
Amid the cypress with which Dante crowned
His visionary brow: a glow-worm lamp,
It cheered mild Spenser, called from Faery-land
To struggle through dark ways; and when a damp
Fell round the paths of Milton, in his hand
The thing became a trumpet, whence he blew
Soul-animating strains – alas, too few!
(Levin 2001:94)

At Hauge sitt hjarta kan låsast opp med sonettane er eg ikkje så sikker på, men at dei er nøklar til Olav H. Hauge sitt diktsyn og til lesinga av dikta hans, ikkje berre sonettane, er eg viss på. Men dei er gåtefulle nøklar, som ofte berre opnar for fleire spørsmål.

For det er ikkje nødvendigvis ein stor avstand mellom sonettane og dei andre dikta til Olav H. Hauge. Forfattarskapen inneheld ei lang rekke dikt som er metapoetiske, hagar, plantar og tre er ofte nytta motiv. I sonettane kan ein finne essensen av dei andre dikta, dei er kjelder som dei spring ut av:

Sentralt i Hauges poesi er nettopp forbindelseslinjene mellom ulike dikt innad i samlingene og på tvers av de grensene som enkeltsamlingene og de ulike fasene i forfatterskapet setter.
(Karlsen 2000:5)²⁶

Dikta til Olav H. Hauge hengjer saman, han bygde ut, tok vekk og stokka om på dikta frå diktbøker til *Dikt i samling*. Mange utgåver av *Dikt i samling* hadde undertittel *Ny og auka utgåve*. Slik fikk han heilskapen og samanhangen enda klarare fram. Som Hadle Oftedal Andersen skriv: "*Dikt i samling* står fram meir som nettopp det, som

²⁶ Det kan vere av interesse å lese vidare i Karlsen sitt resonnement: "Slike forbindelseslinjer, som vi skal benevne som intratekstuelle relasjoner og som bryter med den nykritiske tanken om enkeltdiktets autonome struktur, er beslektet med de forbindelseslinjer som finnes mellom Hauges tekstverden og en tekstverden utenom, som vi skal benevne som intertekstuelle og som er både frekvente og komplekse. Ja, det særmerkte ved mange av Hauges dikt er at de – enten ved åpne og åpenbare allusjoner, ved at litterære motiver gjenbrukes eller ved at spesielle dikt- eller strofeformer så som "dikternes diktformer", dvs. sonetten eller *ottava rima*, benyttes – utviser en spesiell intertekstuell tilbøyelighet; de byr seg frem som intertekstuelle lesninger. Ulike metaforer som tekstmosaikk, tekstvev og "bebodde ord" kan benyttes for å beskrive slike særdrag ved Hauges lyrikk." (Karlsen 2000:5)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

ein samla heilskap av dikt, enn ein bok med seks ulike diktsamlingar i." (Andersen 2002:233)

Ein forfattar som arbeidar bevisst med korleis diktinga skal framstå i heilskap og som flikkar på det heilt inn i det siste, vel ikkje ein sjanger som sonetten - med alt det inneber - av ein slump. Han meiner noko med det, han har ein klar og tydeleg bodskap som ligg bak valet. Det kan virke som det ligg ein motstand mot anti-romantikken og mot modernismen Olav H. Hauge ble slått i hartkorn med, serleg etter *Dropar i austavind* frå 1966.

Kanskje må ein spørje om ein kan gje sonettane, som jo berre er 16 av over 400 dikt i *Dikt i samling*, så stor vekt. Men det er den einaste poetiske subsjangeren som får så stor plass, dette gjer at sonettane er svær tydelig tilstede i Hauge sitt livsverk. Og ein sjanger med så tydelege konnotasjonar er ikkje tilfeldig valt. Dessutan så er Olav H. Hauge sitt renommé som ein av meistrane i sjangeren med på å legitimere å gje sonettane ein så stor plass og såpass mykje tyngd.

"*Dei beste dikt i verdi*" Olav H. Hauge og sonetten.

12.Glør i oska 1946

Olav H. Hauge debuterte i 1946 med diktboka *Glør i oska*. Det er den mest omfangsrike diktboka hans, og kanskje meir å rekne for ei samling av det han hadde skrive til då enn ein sjølvstendig diktbok. Den reknast også for å vere den mest tradisjonelle av diktbøkene hans, og eit tydelig eksempel på skrivemåten i den første fasen av forfattarskapen. Det er og vanleg med ein nedvurdering av nettopp denne første og meir tradisjonelle fasen. I vår samanheng er det svært interessant at det ikkje er nokre sonettar i debutboka.

Glør i oska skiller seg ellers fra de øvrige samlingene ikke bare ved at dens dikt har blitt til over tre tiår, men også ved at diktene er metriske og rimede i motsetning til de senere samlingenes overvekt av *vers libre* som dominerende ytre form.

(Karlsen 2000:3)

Glør i oska inneheld for det meste dikt med rim og faste rytmemønster. Bland meir kjende er "Gartnaren drøymer", som er skrive i ottava rima, men til tross for den tradisjonelle stilten i diktboka, følgjer kun eit fåtal eit fast strofemønster av typen ottava rima eller sonett. Diverre kan vi ikkje vite korfor Olav H. Hauge ikkje tok med nokon av dei sonettane han allereie hadde skrive, i debuten. Som eg har vore inne på tidligare skriv Hauge allereie i dagboka i 1938 at han seksti sonettar ferdig.

Han har altså nok sonettar å velje bland når han setter saman utvalet til debutboka. Reint ytre sedd så virker det som om det hadde høva godt med nokre sonettar i ein såpass tradisjonell diktbok. At Olav H. Hauge vel å ikkje ta med sonettar og at det finst så få i den samla forfattarskapen, sedd i samanheng med at han hadde så mange ferdig allereie tidleg, gjev oss eit rom å spekulere i. Ein openberr moglegheit er at Hauge ikkje fann dei sonettane han hadde gode nok til å bli inkludert i *Glør i oska*. Kor mange av dei som dannar utgangspunkt for sonettane som Olav H. Hauge seinare tar med i diktbøker, vet vi heller ikkje.

Dette rommet vi har å spekulera i er stort, og ein må passe seg for å fylle det til brestepunktet. Men at det er noko med Olav H. Hauge og sonetten, det kan ein seie

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

med visse. Nett kva dette noko er skal vi undersøke i det fylgjande. Frå det som må seiest å vere ein storproduksjon før debuten, vi veit altså om seksti, til dei seksten som tilslutt ende opp i *Dikt i samling*, har det hendt eitkvart.

13.Under bergfallet 1951

Under bergfallet frå 1951 er Olav H. Hauge sin andre diktbok, publisert av Noregs Boklag. Av utsjånad liknar den svært mykje på forgjengaren, også innhaldsmessig kan den lett sjåast på som ein naturleg oppfølgjar til debuten. *Glør i oska* bar preg av å vere ein samling av dikt som kom til over ein lengre periode, mens *Under bergfallet* er stramare komponert og vinn mykje på det. Originalt var det berre med ein sonett i denne diktboka, "Til Shelley", men det er til gjengjeld eit viktig dikt i forfattarskapen til Olav H. Hauge.

13.1."Til Shelley"

"Til Shelley"

Min ungdoms skald! Eg kan kje lenger trø
solstrålan til ditt blåe paradis.

Di tankevogn til svimle høgder ris
og gjer meg ør; og einast ånd, ditt brød,

kan ikkje meg, ein grådig jordson, fø.
Men livet krev av kvar og ein sin pris,
og gauv også deg i barmen kjøld og is
og kasta i ditt hår sin beiske snø.

Du ånd av eld og storm! Ei villmannstid
er ubudd å ta mot ein son so stor.
Og likevel: i ditt skjott-trødde spor

lyt mannen gå; um han skal verta meir
enn dyret, lyt han audmjukt gje sitt leir
tilbake, brent i kjærleik og ånds strid.

(Hauge 1994:80)

Sonetten "Til Shelley" har rimmønsteret abba/abba/cdd/eec, så oktaven følgjer her både det italienske og franske sonetteskjemaet. I sestetten finn vi to kuplettar i slutten av første terset og byrjinga av andre terset, noko som ikkje er vanleg i nokon spesiell tradisjon, men som liknar det vi finn i franske sonettar. Så den første sonetten Olav H. Hauge har på prent i diktbok er ein variant av både den franske og italienske sonetten, men om ein av dei største poetane tilhøyrande den engelske romantikken.

Både val av sjanger og av forfattar å portrettere, knyttar denne sonetten an til romantikken, sonettvarianten Olav H. Hauge nyttar knyttar an til sonetten sitt opphav og til ein europeisk tradisjon meir enn til den engelske, trass i at det er ein engelsk poet som portrettererast. "Til Shelley" er eit forfattarportrett og i sonettetradisjonen finst det mange av dei. Her har vi altså å gjere med ein tydeleg intendert intertekstualitet på fleire nivå. Dette diktet handlar om ein bestemt forfattar, og det skriv seg inn i fleire liner i ein litterær tradisjon.

"Til Shelley" er eit dikt som talar til ein yngre utgåve av den som skriv, og eit dikt til ein poet - sonetten er eit portrettdikt og eit sjølvportrett. Den store poeten som vert hylla blir, ved første augekast, altså hylla retrospektivt.²⁷ Det ein skald og eit førebilete for ein ungdom, den skrivande som ung. For det er i ungdommen ein er ånd og idéar, det er ungdommen ein lever i stormen - kan det virke som sonetten seier.

Men no er det ikkje nok, anna må til også om ein skal leve. Mennesket lever ikkje av ånd aleine, som det heiter seg. Likefullt konkluderer sonetten med at det er ånd som gjer oss til meir enn dyr. Sonetten "Til Shelley" har eit temmeleg konvensjonelt innehald, det er lite som overraskar når det gjeld synspunkta som kjem fram. Men sonetten "[...] återger i hård koncentration hans (inte bare tidiga) tematik av extas och sorg, eld och storm, ungdom och nød, himmelsvandringar och jordbundenhet." (Söderblom 2006:194)

Og dette er, som Atle Kittang skriv, eit typisk tema for Olav H. Hauge og særleg for sonettane hans:

["]Til Shelly"] handlar om konflikten mellom livet og den visjonære diktekunsten. [D]ette [er] ein konflikt vi finn att i dei aller fleste av Hauge sine sonettar [...]. Det ser med andre ord ut til at det ofte er sonett-forma Hauge grip til når han skal gjere kunsten og kunstens vilkår til emne for poetisk refleksjon.
(Kittang 1994:114)

²⁷ "[...] in 1951, Olav H. Hauge published a sonnet to Shelley in which he comes to the realization that as a source of inspiration, the poet was significant to him in his youth, but now he appears too insubstantial." (Schmid 2008:165)

Det er interessant, då er vi inne på det Staffan Söderblom hevda, at sonetten er eit magnetisk sentra i Olav H. Hauge si dikting: "Många av hans andra dikter pekar in mot de olika sonetterna, som om poesien vill dit, till sin slipade och slutliga version." (Söderblom 2006:193) Det skulle også tyda at vi kan lese ut frå sonettane noko av Hauge sitt diktsyn.

Det er ikkje tilfeldig at Olav H. Hauge vel sonetten som ein arena kor kunsten vilkår får utspele seg. "Til Shelley" er kanskje ei sonett til den utgåva av poeten Olav H. Hauge som i 1927 skreiv:

"Ein sonett"
Til mine skaldar som i skapingsglo
dei største tankesyner såg og kjende,
og song um alt som djupt i hugen brende,
eg gjev mitt kvad og all mi hylling no.
Å deira røyster med sin ljuve ljud
er svaling åt (for) mi sjel i alt elende.
Dei tankeglim som dei for alltid tende
er stjernelyning yver livsens ro.
Og desse strålor, skapt av evig yrke
skjelv fram (ifrå) utor det store sogemyrket,
og aukar stødt i fagerdom og stryke.
Å kunde desse strålor (i meg) tenda
nytt stråleglim, det kunde ogso henda
at eg, som dei, *mot framtid ljós* fikk senda.
(Hauge DB1 2000:73)

Om "Til Shelley" skriv Ole Karlsen:

Den innledende apostrofe, "Min ungdoms skald!", introduserer og ut-merker rytmisk det norrøne skaldebegrepet; den visjonære dikter-rollen, seer-rollen. [...] Dikter-jeg'et, som nå er i sin manndom (eller alderdom?), avviser altså ikke skalderollen; imidlertid er hans ungdoms Shelley erstattet uten at erstatteren navngis.
(Karlsen 2000:176)

Det er lett å tenkte seg at det er det unge diktar-eg'et som har skrive overståande sonett og som skriv i dagboka, i 1929: "Eg lyst vera nøgd med å glo på tankane som andre hev tenkt. Men lat illusjonane leva trass alt. Eg syng til mine skaldar." (Hauge

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

DB1 2000:72ff) og i ein annan sonett i dagboka, også datert 1927: "Du prøver å kveda som dei gamle kvad / og leggja same glo og makt i songen inn." (Hauge DB1 2000:74)

Til Shelley" handlar, bland anna, om tap og om uoppnåelige ideal. Den som talar i diktet har mist noko som tilhørde ungdommen, ein metafysisk veg til paradis. Det er rimeleg å tenke seg at den vegen var å finna i lesinga av poesi, serleg då Shelley sin poesi. Men no er eg'et etterlaten og det ungdommelig ideal, om å leve av ånd aleine, ikkje lenger innan rekkjevidde. Eg'et er ikkje berre ånd, og treng meir eller i det minste andre ting. Han er "ein grådig jordson", og med det også jordbunden. Vi lev i ei "villmannstid" som ikkje rom til ein så stor mann som Shelley, vår verd er ikkje ånd nok. Men om det ikkje gjeng an å leve opp til det idealet Shelley er, så lyt ein prøve. Om vi ikkje strevar etter å vere ånd, er vi berre dyr – vesen utan sjel. Sonetten framfører fleire ulike og kanskje motstridande haldingar samtidig, "Til Shelley" er ein sonett som ikkje let seg fikserast:

"Til Shelley" är en orolig dikt, den vet inte riktigt vart den befinner sig i sitt bildspråk och sitt perspektiv – om den är extatisk eller resignerad. Den är låst i den haugska ambivalansen.
(Söderblom 2006:195)

Om "Til Shelley" er eit dikt til eit forbilde og ein idealtilstand som ikkje lengre kan nåast, har det då vore innanfor rekkjevidde? Ja, det kan virke sånn, særleg i første kvartett. Om det ikkje lenger er innanfor det eg'et kan no, så er det fortsatt eit ideal: "i ditt skjott-trødde spor // lyt mannen gå", heiter det jo. At Shelley var eit ideal i tidlege år kan ein lese av eit dagboknotat frå 1929:

Alltid hev eg havt medkjensle for sjuke, ulukkelege diktatar og tenkjarar, slike som er onnorleis enn andre, helst einsame gruvlarar, utestengde frå livet, på kant med samfundet, stutt sagt *natteborni*.
Eg elskar å lesa av slike og slike likte eg å lesa um: Edgar Poe,
Garborg, Nietzsche, Verlaine, Obstfelder, Shelley.
(Hauge DB1 2000:88)

Men om Shelley var ein Olav H. Hauge var oppteken av i unge år, så virker det også som om han las og sat han høgt heile livet gjennom. Så seint som i 1990 skriv Olav

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

H. Hauge dette om Shelley i dagboka: "Shelley høyrer til "The master minds of humanity". Dei fleste av oss er for veike til å skapa noko av varigt verd; det einaste me makter er å prøva å setja oss inn i det dei skapande åndene har dikta og tenkt." (Hauge DB5 2000:489)

13.1.1. "Til Shelley", endringar

Her kjem eg berre til å registrera dei endringane som er frå førsteutgåva og til utgåva av *Dikt i samling* frå 1994. Det er ingen endringar i seinare utgåver av *Dikt i samling*, utgåva frå 1994 er den siste Olav H. Hauge sjølv hadde oppsyn med. Men det er slik at det nokre gonger er gjort endringar i utval og tidligare utgåver av *Dikt i samling*, det er verd ei avhandling i seg sjølv og ikkje berre når det kjem til sonettane. Diverre blir det for omfattande å gjere det her.

Vi tek endringane vers for vers. I første vers har 'kje (1951) blitt til kje (1994), og i andre vers slutta med eit semikolon og no med eit punktum – noko som gjer at tredje vers no byrjar med stor bokstav. Dette er sjølvsagt mest berre småpirk som ikkje endrar mykje på tydinga. Men deretter kjem det større og meir merkbare rettingar.

Først fjerde vers som det er i 1951; "og gjer meg ør; og ljos og luft, ditt brød," og så slik det ligg føre 1994: "og gjer meg ør; einast ånd, ditt brød,", 'ljos og luft' gjer andre konnotasjonar enn 'ånd'. Det er ei endring som er tydligare i tråd med tematikken i sonetten. Allereie i neste vers er det ei ny retting, der det no står 'ein grådig jordson' så het det i første versjon 'ein tung og grådig jordson'. Dette gjer kan hende ikkje så mykje med tydinga, som det gjer med flyten og rytmen i diktet.

Dei resterande endringane i sonetten er ikkje serleg merkbare. I vers åtte har 'bitre' blitt til 'beiske', og i vers elleve har ein stor i etter eit kolon blitt til ein liten i. Den siste rettinga finn vi i, passande nok, i siste vers. Der har 'attende' endra seg til eit 'tilbake'.

13.2. "Eg las eit dikt", (utfylling)

"Eg las eit dikt"

Eg las eit dikt, men skyna snart at eg
las anns manns brev; at ordi var til ein
og ingen andre, stod so greidt i stein.
For henne fanst det ikkje annan veg,

ho ravla ned si naud, og heiv eit blad
på von og våge, – enn um han las
det nettupp han! ho sprang i eldfengd gras.
Men heller ikkje eg las likeglad.

Eg veit kje meir um dei, men eg forstod.
Sjølv har eg kasta flaskepost til no,
Gud vite um han nokon gong kjem fram.

For ingen vei korvêr og vindar blæs.
So dei fær ha ordi dei som les.
Ho tek dei gjerne for ei blodig skam.
(Hauge 1994:86)

Dette er eit dikt om å lese dikt, tittelen "Eg las eit dikt" lemnar liten tvil om det. Det er noko som ikkje er uvanleg, mange dikt handlar om å lese eller å skrive, det er nær blitt ein postmoderne devise at ein kvar tekst først og fremst handlar om seg sjølv. Ein tekst som handlar om seg sjølv, må nødvendigvis tematisera tekst og skrift. Men det er ikkje berre eit postmodernistisk trekk.

Det er, som eg har vore inne på fleire gonger, ofte ein slik refleksjon bygd inn i sonetten, meir eller mindre eksplisitt. Oftast handlar det om å skrive, men ikkje sjeldan, som her, om kva det vil seie å lese. Det er no ein gong to sider av same sak, det er nærmest umogleg å tenkje på det eine uten å tenkje på det andre. Når ein tematiserer det å lese, blir vel like eins det å skrive eit tema? So lenge ein leser finst, så må det også vere ein skrivar. Skrift kjem ikkje av inkje.

I "Eg las eit dikt" er det ein kvinneleg skrivar. Den som skriv gjer det for ein bestemt leser. Men er det verkeleg eit dikt ho har skrive? Lesaren byrjar med å lese det som eit dikt, jamfør tittelen, men så legg han merkje til at det er eit brev. Det er tydeleg i teksten han les at den ikkje er meint for han. Men er "den kvinnelige skrivaren"

påliteleg? Vi får berre vite kva det lesne diktet er om i andre hand. Er det slik at denne teksten er meint berre for ein, sjølv om teksten, dvs ikkje den teksten vi les - men den vi les om, hevdar det? Sonetten "Eg las eit dikt" stiller mange spørsmål og gjev få svar. Men desse spørsmåla er verdt å stille, både når ein les denne sonetten og når ein les lyrikk elles.

Ein kan ikkje vite om dikt når fram til sin lesar. I denne sonetten er det eit tydeleg 'eg' som les. Men dette 'eg' tykkjer ikkje det er for han, det vil seie, han les at orda ikkje er meint for han. Likevel blir han rørd av desse orda, heller ikkje han "les likeglad". Det får han til å reflektere rundt si eiga skriving. Han samanliknar si skriving med å sende flaskepost. Men det er ikkje det same som å skrive brev. Eit brev tenkjer ein vel tradisjonelt at er berekna på ein bestemt mottakar. Det er også posisjonen denne sonetten har til brev; "ordi var til ein og ingen andre[.]"

Flaskepost er likevel noko anna. Ein som kastar ein flaske med eit brev i, ut på havet, kan ikkje vite kor det hamnar, kven som les det eller kor lang tid det tar før orda blir lesne. Poeten og poesilesaren er mykje like sendaren og mottakaren av flaskepost. Sjølvsagt kan ein poet ha ein lesar i tankane, enten ein verkeleg eller ein innbilt lesar, men det er opp til einkvan å plukka opp diktet. Som lesar kan ein plukke opp dikt frå andre tider og andre plassar. Det kan ein gjere fordi ein leitar eller det kan vere helt tilfeldig. Kan hende man då kan oppleve at orda er meint for ein sjølve - til tross for at man samstundes veit at det ikkje kan vere tilfelle.

Men brevet til henne som skreiv det han i denne sonetten les, er meir som ein flaskepost det også. Ho har kasta det på "von og våge", og berre håpar på at det når den lesaren ho har skrive for. Men han som les, er ein som har plukka opp "anns manns brev". Men orda treff. Han kjenner verken sendaren eller mottakaren av dette brevet, eller diktet, han veit ikkje meir om dei enn det han gjorde før han las. Det lesaren i sonetten gjer, er å forstå. Nett det kan tyde på at det som blir skildra er allmenne erfaringar. Kjærleik og tap av kjærleik, i det minste redsle for å tape, er det lett å tenkje seg at det handlar om. Sonetten er jo nettopp kjærleiken sin sjanger framfor nokon innanfor lyrikken. Under "Eg las eit dikt" ligg mange kjende forestillingar om kjærleik, som vi kjenner den frå kjærleikslyrikken. Kjærleiken som

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

noko uoppnåeleg, han er dramatisk og brå – nett slik er vi vant til å lese om kjærleik i lyrikken.

Korleis kan vi vite om vi er den rette lesaren? Det er nok ikkje uvanleg at ein diktar tenkjer over om det han skriv når fram til ein lesar, det finst det mange døme på. Men det er ikkje like vanleg at ein lesar undrar om han er den rette. Ein kan ofte få ein kjensle, når ein les, av at nett disse orda var meint for ein sjølve. At dei når ein over avgrunnar skapt av tid og rom. Slik kan ein seie at sonetten "Eg las eit dikt" tematisere ulike lesarposisjonar og ulike lesaropplevingar.

14.Seint rodnar skog i djuvet 1956

Tredje diktboka til Olav H. Hauge liknar dei andre i utstyr, men no med ei teikning på omslaget. Den ser med andre ord ørlite meir påkosta ut. *Seint rodnar skog i djuvet* er og ein av dei første verkeleg heilstøypte diktbøkene til Olav H. Hauge. Her finn vi originalt to sonettar, blant dei den monumentale "Gullhanen". I *Dikt i samling* finn vi to til, så tilsvarande bok der har i alt fire sonettar.

14.1."Grøne øyar", (utfylling)

"Grøne øyar"

Når du i seine nattetimar ror
ditt hav, på ottedjup, og ikkje ser
eit strå, ein stokk, ein rigg, og utrygt vêr
skvetter kald sjø, – sjå grøne øyar gror

or havgrå natt! Øyar som venta stødt!
Men har ho miskunn då ei himmelrand,
har ho ei stø for ein som fall av land
og leid og aldri ved ei år har blødt?

Du hadde øyar ingen visste um!
Løn for eit liv i strid forutan svikt.
Og dei du stridde for, tek mot din stamn.

– Eg ror i ringrådlaus; veike rikt
av mine årar opnar ingen hamn
i kald grå synsring. Herrens lov er stum.
(Hauge 1994:142)

I *Dikt i samling* høyrer dette diktet med i bolken *Seint rodnar skog i djuvet*. Det et ikkje med i den tredje diktboka *Seint rodnar skog i djuvet* frå 1956. Så ein kan moglegvis rekne denne sonetten til å vere frå rundt første halvdel av Olav H. Hauge sitt forfattarskap – den såkalla tradisjonelle fasen. Ein reknar vanligvis med at dei dikta Olav H. Hauge tok med til utfylling, vart til omtrent samstundes med dei andre dikta i den bolken han sat dei inn j²⁸.

²⁸ "Her [Dikt i utval, 1964] innfører Hauge det prinsippet han holder fast ved for alle senere samleutgaver: å føye tidligere upubliserte dikt inn der de kronologisk hører hjemme blant de ulike diktsamlingene." (Vold 1996:221)

Det er eit mørkt dikt, ikkje berre er det seine nattetimar, heile stemninga er dyster. Ein ror og ror, men kjem ein av flekken? Det finst håp i at det gror opp øyar ein kan gå i land på, men dei er ikkje for alle. Disse grøne øyane er for dei som har levd "eit liv i strid forutan svikt." Som du'et i første tersett, som vert teke imot av dei han eller hun stridde for. Men diktet sitt eg ser det mørkare ut for. Han er veik og rådlaus. Ikkje er det noko trøst å få heller, Herren dømmer men seier ingen ting. I dette diktet finn vi att den sjølvbevisste, indre monologen som blei innførd i lyrikken med sonetten.

14.2."Korea", (utfylling)

"Korea"

Side um side. Uven, ven, med gras
imillom bringebein; valmuor skin
i augneholar, rusta våpen grin
til alt er gøymt under kjørr og kvas.

No har dei fred. Det skil kje lenger dei
kvar grensa gjeng, um rett eller urett vann.
Og dødens løyndom flakkar yver tann
frå stundi dei på eigi grense streid.

Eg ser dykk, beinmenn frå Koreas jord,
skrymta som skuggar bak eit tingingsbord,
der din død, bror, er bos i planlagd bragd.

Ordlaus er døden, berre eit bleikt grin
i statsmenns kalde medvit. Domen din
er templa, underskriven – burt lagd.
(Hauge 1994:143)

Jan Erik Vold skriv om denne sonetten at: "[d]et er litt morsomt å tenke på at Olav H. Hauge trolig er den eneste norske poet som har skrevet et Korea-dikt [...]" . (Vold 1996:39) Vidare skriv Vold at det til tross for at det knyttar direkte an til Koreakrigen, så er det ikkje direkte eit politisk dikt. Det er meir eit dikt om krigens generelle vondskap. Også Hadle Oftedal Andersen er inne på at Olav H. Hauge ikkje er ein eksplisitt politisk diktar, sjølv om dei politiske haldningane hans er kjende (sjå Andersen 2002:137ff).

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Før vi går vidare og ser på endringane i diktet, tykkjer eg der er på sin plass å ta med noko Olav H. Hauge sjølv sa om politisk dikting:

Men det at ein forfattar eller diktar ikkje kan gripa inn og at hans ord ikkje kan ha noko å segja i krisesituasjonar – det trur eg nok dei kan, det er riktig det. Veit du. So engasjert diktning skal ein ikkje forakta. Nei. For det der at litteraturen og det folk les ikkje verkar, det skal dei ikkje fortelje meg, veit du. Nei. Jau, det har ein stor verknad den dag i dag det.

(Vold 1996:128)

14.2.1. "Korea", endringar

Her veit vi frå Jan Erik Vold at sonetten først har vore på prent i *Norsk Tidend* 11.09.1952 (Vold 1996:221) og Vold har med den versjonen i *Under Hauges ord*. Som vi skal se, så er det tildels store endringar i tersettane, mens i kvartettane er dei mindre, her kjem heile sonetten slik den er prenta hos Vold:

"Korea"

Side um side. Uven, ven. Med gras
imillom bringebein. Valmuer skin
i augeholer. Rusta våpen grin
med tvætt or blod, og røytt er hold og tras.

No har dei fred. Det skil 'kje lenger dei
kvar grensa gjeng, når større saker vann.
Og ljåmannens løyndom flakkar over tann
frå stundi dei på eige grense streid.

Dei bleike beinmenn på Koreas jord,
dei var det som ved fredens harde bord
sku verge lagnaden til dykker brør.

Med dødens miskunnsame smil um munn
og dyrkjøpt røynsle ifrå ævegrunn
de møtte livets rovdyrklør.

(Vold 1996:222)

14.3."Du byggjer"

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

"Du byggjer"
Og tanken byggjer sine byrge slott
og dreg sin visdom ut av livsens malt.
Men kor det har seg, er ditt hjarta kaldt,
og knuten stend der, alt er ikkje godt.

Eit hjarta bur so gjerne i eit kott
når det har fred. Og meir veg sannings salt
enn gull. Og hugs, oske og grus er alt
når dette eldberg bryt ei tung-lødd nott.

So kor du byggjer, lyt din tanke stå
til doms for hjarta, – å, du kjenner vel
når det er med og byrjar varmt å slå.

Men skal du sigra, lyt ditt kjenslespel
og eldmod stillast etter tankens råd,
i denne verd som berre siger tel.

(Hauge 1994:146)

Det er ikkje så mange omtalar av "Du byggjer", det er eit rimeleg tradisjonelt dikt på mange måtar. Innhaldet er kjend frå mange dikt, av andre og av Olav H. Hauge sjølv. Kan hende er det også sagt betre andre stader. Sonetten er dyster og handlar om livet som kamp, og at ein bør følgje sine eigne vegar. Stemning og tematikk vi kjenner igjen frå fleire av dei andre sonettane til Hauge.

14.3.1. "Du byggjer", endringar

I sonetten "Du byggjer", er endringane meir markante enn dei var i "Til Shelley", som vi skal sjå. Dei minste kjem først, og i kvartettane. I tersettane er det store endringar, ja – ein må vel kunne kalla det omskrivingar. Men ført tek vi kvartettane. I andre vers har 'ein visdom' blitt retta til 'sin visdom', og i femte vers har 'Ditt hjarta' vore endra til 'Eit hjarta'. Den siste av dei mindre endringane er 'Men vit:' i vers 7, som har blitt til 'Og hugs.'. Som vi ser, så er rettingane i kvartettane rimelig enkle og dei endrar ikkje mykje på tydinga.

Men når vi kjem til tersettane ser vi at dei er så godt som skrive på nytt. Siden endringane her er så gjennomgripande, vel eg å gjengi dei i sin heilheit:

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Til doms di djerve tankebragd lyt stå
for einsamt hjarta, – å, du kjenner vel
når det er med og byrjar varmt å slå!

Men hjarta, alt ditt ville kjenslespel
lyt tanketuktast skal du siger få
i denne verd – der berre siger tel.
(Hauge 1956:58)

14.4."Gullhanen"

"Gullhanen" er kan hende det mest enigmatiske av alle Olav H. Hauge sine sonettar.²⁹ Men gåtene som dette diktet inneheld har pirra mange lesarar, og det er mykje omtala i sekundær litteraturen.³⁰ Det er ikkje berre ein av dei mest omtala sonettane, men også eit av dei mest omtala dikta av Hauge.

"Gullhanen"
Og eg var longo død. Død i mitt skal,
og gol som gullhane i Miklagard.
Eg levde under – høyrde skurr og svar
og streid imot; og holt læt seld sjels gal.

Til draumen skok meg vak ei festgul nott,
so hamen fall og glansen vart til støv:
Eg er i døri heime. Husetsov.
Og barnehjarta slær att sælt og brått.

Eg stend med hand på klinka inn til mor
og far, – ser månen skin på slite golv.
Du vart so lenge? kjem det utan ord.

Bak rømdi rørde sorgi tungt si kolv.
So slepte draumen meg. I gullsmidd gjord
for keisaren eg atter gol og svor.
(Hauge 1994:148)

²⁹ ""Gullhanen" er truleg eit av dei mest gåtefulle dikta Hauge nokonsinne har skrive. Det er gåtefullt på same måte som draumane våre er det, og Hauge sjølv har i ein kommentar fortalt at det nettopp var ein draum som gav støyten til diktet. Men kva er draum, kva er minne, og kva er røynd i dette diktet? Det førekjem meg at når sonetten er så dunkel som den faktisk er, så heng det saman med at dette spørsmålet eigentleg ikkje lar seg avgjere." (Kittang 1994:119)

³⁰ Den glimrande boka til Staffan Söderblom; *Och jag var länge död*, hentar jo til og med tittelen sin frå opningslinja i "Gullhanen".

Det fyrste vi kan merkje oss, er at dette er ein ekfrase. Korleis ein skal definera ekfrasen har ein lang historie³¹) i litteraturen og sjølv sagt også i litteraturvitenskapen. Vi skal her ikkje gå så grundig inn på frontlinjene og dei ulike definisjonane³², men berre nøye oss med den definisjonen det er mest semje om. Sjølve termen *ekfrase* har vi frå retorikken, kor den blir definert på følgjande vis:

[...] en detaljert og anskuelig beskrivelse, særlig av et sted, en person, en gjenstand el. et hendingsforløp, en tidssituasjon [...] Mer spesialisert brukes betegnelsen e[kfrase]. om en detaljert beskrivelse av et kunstverk innlagt i en tale eller en litterær tekst
[...]
(Eide 2004:52)

Det er den siste av definisjonane her som interesserer oss; ein litterær beskriving av eit kunstverk. Noko som også ligger tett opptil den gjengse definisjonen av ekfrasen, som er "ein verbal representasjon av ein visuell representasjon" (sjå Heffernan 2004:3)

Av Olav H. Hauge sine sonettar er det to som utvilsamt kan reknast for å vere ekfrasar, om ein legg til grunn den definisjonen vi nett har sett på. Den eine er altså "Gullhanen" og den andre er "Til eit Astrup-bilete". Nett når det gjeld "Gullhanen" har mange peika på at det er eit dikt om eit kunstverk, og om kunstnaren. Det er og eit dikt som er tydeleg intertekstuelt. Dei tekstane som ofte blir peika på i samband med "Gullhanen" er H. C. Andersens "Nattergalen" og W. B. Yeats sine dikt om Bysants (Miklagard), som igjen seiest å vere inspirert av Edward Gibbons historiske verk om romarriket, frå 1787 (sjå bl.a Andersen 2002:114ff). Så uansett korleis ein nærmar seg dette diktet, så er det ein tydeleg kopling til andre kunstneriske uttrykk.

Kan hende er gullhanen sjølv ein kunstnar, det høver i det minste til biletet vi har av kunstnaren i tidligare tider som var "[...] writing for the aristocratic and emotional elite [...]" (Oppenheimer 1989:38) Det stend i sterkt kontrast til korleis vi har sett på

³¹ "Ekphrasis is an ancient rhetorical term that is now enjoying a revival, in academic circles, that is." (Heffernan 2008:23)

³² "From the ancient Greek rhetoricians who gave us the term, we inherit a range of meanings [...] who defined ekphrasis as simply as a way of describing just about anything visible" (Heffernan, 2008:23)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

poeten etter romantikken, kor han er eit inspirert geni som kun tener seg sjølv eller sine indre demonar. Enkelt sagt så er det ikkje samsvar i dette diktet med det indre livet til kunstnaren og det han må stille opp med for å underhalde sine herrar. Nett det er det nok mange som kan kjenne seg igjen i, enten dei er poetar eller ikkje.

14.4.1. "Gullhanen", endringar

Denne sonetten har svært få endringar, så mykje tydar på at den var ferdig før den kom på trykk. Kan hende tyder det også at det er ein sonette Olav H. Hauge var nøgd med. Dei få endringane ramsar eg berre opp her, ein kan ikkje seie at dei har noko serleg å seie for innhaldet. I tredje vers har eit komma blitt borte, i fjerde vers har eit 'men' blitt til eit 'og', og til slutt har ein tankestrek blitt sletta frå byrjinga av vers tretten.

15.På Ørnetuva 1961

"På Ørnetuva" må kunne reknast for Olav H. Hauge sitt gjennombrot. For den fikk han Norsk Litteraturkritikerlagspris og den vart gjeve ut i to opplag, kor den siste har eit etterord av Ragnvald Skrede. Mange reknar også den for å vere den beste diktboka til Hauge. I denne diktboka finn vi den mest kjente og kjære sonetten til Olav H. Hauge; "Til eit Astrup-bilete", og boka har to sonettar med ei utfylling til tre i *Dikt i samling*.

15.1."Kveld i november"

Mange av dikta, både sonettar og andre dikt, til Olav H. Hauge har eple i seg og han er, ikkje utan grunn, kjend som fruktdyrkaren og gartnaren i norsk poesi. Også plassen han kjem frå, er kjend for eple. Det har av mange blitt hevda at plassen avgjer hendingane, og det gjer seg sjølv at plassen også styrar poeten sin dikting. Men det er nok ikkje berre fordi dikta er skrivne i Hardanger, at dei handlar om eple. Vi skal no lese ein sonett med eple i og sjå litt nærmare på poetiske og litterære eple.

"Kveld i november"

Han sperrar loftet. Natti kjem med frost.
Eg fer med augo yver hagen, veit
det heng att eple i ein topp. Eg leit
på mildver enno; veden skal i kost,

og kålen takast upp og kulast, tre
skal plantast; og det burde vorte tid
til nybrot også. No ser eg hausten lid
og marki frys og snøen kastar ned

midtlides, og eg veit eg rekk ikkje mitt.
Den epleslumpen fær eg berga, kor
som er, so er i det minsto ei sut kvitt.

I vest er månesigden ute, stor
og haustkvass, gjerug med å berga sitt,
ei saknads solbunde åt ei myrk jord.
(Hauge 1994:170)

15.1.1. "Eple og poesi"

"[D]et heng att eple i ein topp[.]", står det i første kvartett. Den som talar i diktet veit at det heng der, men trur han har tid til å berga det – for det kan komme mildver. Om eple heng aleine på epletreet, så er det ikkje aleine som litterært eple. Denne lesaren tenkjer på Sapfo sitt berømte diktfragment (nr. 46 hos Svein Jarvoll):

slik søteplet rødmer på øverste gren,
aller øverst på øverste, plukkerne har glemt det,
nei, ikke glemt det, de kunne bare ikke nå det
(Sapfo 2003:117)

Dette eplet som heng att, i toppen av eit epletre i Hardanger, som eple hang att "på øverste gren" i det antikke Hellas, opnar diktet i tid og rom. Eple gjev oss ein samanbinding til andre dikt, og soleis også til litteraturhistoria.

Dei er ikkje so ulike desse epleplukkarane, dei veit det heng eple att etter seg. Men om eplet sjølv veit seg sett, er meir uklart. I sonetten kan det reddast, og gje ro til han som eig epletreet. Det er ikkje mykje, men det er ei sut mindre. Kva som hende med eplet sankarane ikkje nådde for 2500 år siden, veit vi ikkje.

Den logiske innvendingen er: hvorfor rister de ikke eplet ned? Ombestemmelsen i linje 3 kalles i stilistikken *metanoia*: det må være det første eksempel på metanoia i litteraturen." (Sapfo 2003:199), skriver Svein Jarvoll i sin note til fragmentet. Å forandre mening er også noko som ofte skjer i sonetten, som har sin *volta*: "[...] which allows the sonnet to state more than one point of view, change its mind [...]". (Cousins, Howard 2011:1)

Men det finst og andre dikt om eple som ikkje kan nåast. Det kjende diktet til Emily Dickinson, "Heaven" - is what I cannot reach!", har og eit eple som blir hengande. Eit himmelsk eple, kanskje. Men i det minste er det eit eple som førar oss nærmare eit anna eple, kanskje det mest kjende i heile vår kulturkrins, det som Eva plukka og gav til Adam. Men Adam blei ikkje "ei sut kvitt", snarare tvert imot kan ein kanskje seie. Men eple og hagar fører ein, i tankane, raskt vidare til Edens hage – og ut igjen, kan hende.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

"Heaven" - is what I cannot reach!
The Apple on the Tree -
Provided it do hopeless - hang -
That - "Heaven" is - to Me!

The Color, on the Cruising Cloud -
The interdicted Land -
Behind the Hill - the House behind -
There - Paradise - is found!

Her teasing Purples - Afternoons -
The credulous - decoy -
Enamored - of the Conjuror -
That spurned us - Yesterday!
(Dickinson 1976:109)

I diktet til Emily Dickinson blir eple hengande med vilje. At det ikkje kan nåast, gjer det verdifullt. Himmel og eple er mykje like, dei er både bortanfor det eit menneske kan nå. Her er det ein spenning mellom det ein ønskjer seg og det ein kan få. Paradiset er ikkje berre det ein ikkje når, men alt og kva som helst som er utanfor rekkjevidde. Det er ein kjend sak at det eple ein ikkje kan få smakar sotast.

Kva hender når ein kjem til Eden? Mistar det då sin attrå og vert til ein banal og kvardagsleg plass? Det er ikkje rom for ein fullstendig analyse av Dickinson sitt dikt her, men det er – enkelt sagt – eit dikt som er bygd rundt ein uforløyst spenning. Det er og eit dikt som har vore knytt til Sapfo, men mest alluderer det nok til det paradisiske eple og til den greske myten om Tantalos. Olav H. Hauge har også skrive eit dikt om Emily Dickinson:

"Eg har tri dikt"
Eg har tri dikt,
sa han.
Seg telje diki.
Emily kasta dei
i ei kiste, eg
kan ikkje tru ho talde dei,
ho sprette berre ein tepakke
og skreiv eit nytt.
Det var rett. Eit godt dikt
skal lukta av te.
Eller av rå mold og nykløyvd ved.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

(Hauge 1994:221)

Men sonetten til Olav H. Hauge luktar verken av te eller nykløyvd ved. Både det å sprette ei pakke te og det å kløyve ved er aktive, fysiske handlingar. Men det er ikkje aktive handlingar som er bakgrunnen for *Kveld i november*. Her luktar det meir av angst og uro. "Kveld i november" oppheld seg i ein overgangsone, som Atle Kittang påpeikar:

Valet av årstid og døgntid [...] viser til overgangar, til diffuse "mellomsoner" der alt er i ferd med å bli for seint eller kan hende for tidleg, og der krefter kjempar mot kvarandre om overtaket.
(Kittang 1994:114)

For seint eller for tidleg, slik er det i denne sonetten – for seint fordi frosten kom brått på og for tidleg fordi det fortsatt kan kome mildver. Den talande i diktet ser og tenkjer, men handlar ikkje. Det er mykje å gjere, men det kan ikkje gjerast no. Vi får heller ikkje vite korleis det går, om det kjem mildver og om epla blir redda. Så lengje sonetten varar blir ikkje "eg'et" kvitt sin sut. Det er ein uforløyst uro over heile sonetten.

15.1.2. *"Kveld i november"*, endringar

Dette er nok ein sonette med små endringar med ikkje serleg omfattande innverknad på innhaldet. Likevel seier det at Olav H. Hauge retta på og endra på sonettar, og andre dikt, heile livet, noko om hans relasjon til eigne dikt. Det tydar på at Olav H. Hauge ikkje meinte dikta var ferdige einingar som sto fast, men at dei kunne takast opp til vurdering og gjerast betre. Noko han også nytta anledninga til ved utgivingar av utval og *Dikt i samling*. Fram til utgåva frå 1985 hadde *Dikt i samling* undertittelen ny og auka utgåve. Einskilde dikt og diktbolkar var i stadig endring.

Men "Kveld i november" har altså ikkje mange eller store rettingar. I første vers har 'Notti' blitt til 'Natti', i fjerde vers har eit punktum blitt til eit semikolon og i sjette vers har eit komma blitt til eit semikolon. Det var alle endringane som er gjort i kvartettane. I tersettane er endringa enda mindre, det er kun et 'kje' som er retta til

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

eit 'ikkje' i vers 9. Om det ikkje er store rettingar og endringar, viser det kor nøye Olav H. Hauge var på at det skulle vere det rette uttrykket.

15.2."Til eit Astrup-bilete"

Vi skal no lese den mest kjende av alle Olav H. Hauge sine sonettar, kan hende eit av dei mest kjende dikta hans i det heile. Det er og eit av dei mest omtala og analyserte dikta til Olav H. Hauge. Som om ikkje det var nok, så er ein av analysane bland dei mest kjende diktanalysane vi har her til lands. Hauge har sjølv omtala analysen som betre enn sjølve diktet. Det er sjølvsagt Atle Kittang sin analyse "Eit vern mot draumen", først prenta i boka til Olav H. Hauge sin 60-årsdag i 1968. Analysen står støtt den dag i dag, og eg tykkjer ikkje det er nødvendig å gjere det arbeidet opp att.

Mange andre har også skrive om denne sonetten, blant anna Jon Fosse. Artikkel "Ein stad imellom subjekt og objekt" finn vi i boka "Tunn is. Om Olav H. Hauge forfattarskap" frå 1994. Det er ein spanande, om enn noko uferdig, analyse av sonetten, som går litt andre vegar enn Kittang. Også Ole Karlsen har skrive kunnskapsrikt om dette diktet, som sonett og som ekfrase.

"Til eit Astrup-bilete"

Kan hende drøynde dei um dette her
å møtast på ein klo, på ein stad
der hegg og apal stend i syreblad
og blømer slik ei dulgrøn vårnatt nær

ved fjorden? Vera saman, planta bær
og så ein innvigd åker rad for rad
med urter bak ein steingard som dei la
kring helga lundar, dei som fyre fer?

Dei er i riket sitt og sår si jord.
Og vårnatti er ljós av draum og gror.
Dei legg ikkje merke til at ein kjem stilt

i snjoskardet og stig på vatnet no.
Men då dei natta, såg dei månen vod
i gullserk ute der so unders mildt.
(Hauge 1994:179)

15.2.1. "Til eit Astrup-bilete", endringar

Om det ikkje var endra mykje i dei to føre sonettane, så er det knapt nokon endring å rekne med her, det er kun 'vårnott' og vårnotti' i vers 4 og vers 10 respektive som har blitt endra til 'vårnatt' og vårnatti'.

15.3."Eg høyrde det på plestringi", (utfylling)

Denne sonetten er mindre omtala, men likefullt svært interessant. Kva gjeng føre i dette diktet? Tittelen, "Eg høyrde det på plestringi", verkar nesten lystig. Det er ein tittel som kan skape forventingar som er noko annleis enn det som faktisk møter ein i lesinga. For denne sonetten er langt frå lystig, den er melankolsk og "[...] gråare än här blir inte den grå haugeska vardagen." (Söderblom 2006:197) Vi leser sonetten:

"Eg høyrde det på plestringi"
Eg høyrde det på plestringi langt unda,
eg såg det på deg at din hug var fus
og sveiv i andre heimar sitt rus,
at dine draumar mot si bløming stunda.

Og hugen din var sael og hadde kvelv
og rømder i seg til å fanga skjelv
frå heile verdi, – kunde nokon blunda
i slik ei stund? Grå pyttar opna hus

for alt som fanst, og lydstill kvelden rasta
i himmeldjupet under hardtrødt grus.
Og poplar skalv som du i framand sus.

Du var so ung og alt var rart og nytt.
Me gråe maurar som på heimveg hasta,
var blindare enn nokon sôlepytt.
(Hauge 1994:180)

Söderblom les "Eg høyrde det på plestringi" som ein systersonett til den første sonetten vi finner i *Dikt i samling*, nemlig "Til Shelley". Det er ikkje så mange som har skrive om denne sonetten, som det er om f.eks "Til Shelley". Kvifor skal eg ikkje

spekulere i, for det har ikkje med kvaliteten på sonetten å gjere – om enn Olav H. Hauge var ein ujamn diktar,³³ også i sonettane. Samtidig er det slik at nokon av sonettane er meir kanoniske og stadig har blitt omtala og skrive om. Sjølv om det er med god grunn dei omtala har fått sin kanoniske status, har det også gjort at enkelte av dei andre urettmessig har hamna i skuggen.

Denne er blant dei som har hamna i skuggen, kanskje mest i skuggen av "Til Shelley", som Staffan Söderblom meiner den er i slekt med.³⁴ Kort attfortalt så tenkjer Söderblom seg at "Eg hörde det på plestringi" skildrar eit indre møte mellom ein yngre og eldre utgåve av same person. Nett som i "Til Shelley" veit ikkje den yngre utgåva så mykje om resignasjon, om å "förvandlas från himmlesvandrare til myra". Vidare skriv Söderblom:

Men det åldrande *jaget* vet alltjämt hur det är at sväva i andra världar, eller: *minns* hur det var – också sedan vägen dit f"refaller att ha stängts för honnom. Finns det i "Til Shelley" ett slags lycklig plåga i de extatiska metaforerna för "övermod" och "sorg", är "Eg hörde det på plestringi" ett tråsk av melankoli.
(Söderblom 2006:197)

Kan hende er "Eg hörde det på plestringi" i skuggen av "Til Shelley" på meir enn ein måte. Det er ein mørkare versjon av det same temaet. Rimmönsteret, abba/ccab/dbb/ede, følgjer ikkje nokon kjend struktur. Berre første kvartett er etter klassisk mønster, elles lagar Olav H. Hauge si heilt eigne rimfletting i "Eg hörde det på plestringi".

Kanskje kan ein seie at rimmönsteret er motsett av innhaldet? Det er ikkje direkte motsett, men riminga stretar imot og gjeng ikkje same vegen. I den første kvartetten, kor rimet er tradisjonelt, er det rus og draum. Men etterkvart som vi les oss nedover blir draumen borte og livet grått og traudig, menneske er ikkje mykje meir enn maur. På eit plan handlar "Eg hörde det på plestringi" om ungdom og draum som sloknar i vaksenlivet sine rutinar og gråe kvardag. Det er ikkje vanskeleg å sjå føre seg at det

³³ "Det må seiast – og like godt først som sist, så me ikkje lurar oss sjølve: Olav H. Hauge er ein ujamn diktar. På den andre sida: Kven er ikkje det [...]? Men er forfattarskapen til Hauge *meir* ujamn enn andre det er naturleg å samanlikna han med? Det trur eg neppe [...]" (Lodén 2008:272)

³⁴ Söderblom meiner kanskje også at den er betre? "Själv har jag med än större glädje (och fruktan) läst en annan av sonetterna [...]" (Söderblom 2006:195)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

er arbeidrarar på veg heim frå fabrikken, eller anna arbeid, som maurane i dei to siste vers: "Men gråe maurar som på heimveg hasta,/var blindare enn nokon sølepytt."

Dess meir tradisjonelt livet til de omtala blir, dess meir utradisjonell blir riminga. Draum, rus og dikt er eit forsvar mot det gråe og vanlege livet til dei blinde maurane. Sonetten sjølv utgjer i sin form eit slik forsvar ved å ikkje følgje dei strenge formale reglane til sonetten, kan ein tenkje seg. På den måten blir kunsten eit forsvar for draumen.

16. **Dropar i austavind 1966**

Dropar i austavind er Olav H. Hauge sin femte diktbok. Om ein kan seie at mange reknar den forrige boka for å vere den beste, så er *Dropar i austavind* det store gjennombrotet. Det er med denne boka Hauge blir den store poeten for Profil-krinsen og når fram til dei mange unge lesarane. Som Hadle Oftedal Andersen skriv:

Profil-krinsen oppfattar Hauge som ein forløpar og eit førebilete [...] Med dette som utgangspunkt er det kanskje ikkje rart i det heile at Hauge med *Dropar i austavind* (1966) for alvor tek steget inn i tidas litterære tendens.
(Andersen 2002:15-16)

Det er altså nett her ein må seie at den modernistiske fasen til Olav H. Hauge byrjar, dersom ein er einig med den forklaringsmodellen på forfatterskapen. Diktboka har mange av Hauge sine mest populære dikt; "Eg stend eg, seddu", "Kvardag" og "Det er den draumen", berre for å nemne nokre av dei. Interessant nok er det også den diktboka som inneheld flest sonettar i første utgåva. Også *Seint rodnar skog i djuvet* har no fire sonettar, men der er to av dei utfyllingar. I eit intervju av Jan Erik Vold, seier Olav H. Hauge dette om sonettane i *Dropar i austavind*:

– Det har seg vel slik at dei sonettane som stend der, var eldre ting som eg no tok med. Men eg har rett nok skrivne bundne vers seinare òg. Eg har no ein gong sett meg litt inn i den gamle verselæra, og då er det rart å prøva med gamle kunster.
(Vold 1996:89)

16.1. "Ein greider meir enn ein trur"

"Ein greider meir enn ein trur"
Ein maktar mangt i ofsemod og naud,
når ein er lyft og utum kvardagsbalet.
Som her ein haust eg vanta noko smale
og alt eg leita ikkje fann ei klauv.

Det grugga til med snø, vart glatt å gå,
og då eg stumra på dei, hadde talet,
flaug dotten ut for fyrste lokkehjalet,

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

og myrkret kjem i fjellet tidleg på.

No tenkte eg med meg, eg slepper deg ikkje!
Og høgt og lågt og kringum som ei bikkje
eg jaga dei til støls og inn ei dør.

So la eg meg. Og vakna glad og ør,
eg visste sauene bak grind og gardar.
Der låg tri gimbrar greidt og – fire harar.
(Hauge 1994:205)

Sonettar som "Grøne øyar" og "Eg høyrdet det på plestringi" er alvorlige og dystre, men i "Ein greider meir enn ein trur" møter vi ein lystig Olav H. Hauge. Det er først og fremst humor som er det berande elementet. Men det er også ein sonett som går føre seg i dei mellomsonene, natt og dag, sumar og vinter, draum og vaken – som vi finn att i fleire av dei meir alvorlige dikta. Slik opnar også "Ein greider meir enn ein trur" opp mot alvorligare lesingar. Det er sjølvsagt også med på knytte denne sonetten til dei andre sonettane hans.

16.1.1. "Ein greider meir enn ein trur", endringar

I denne sonetten er det to endringar, av den typen vi kan forvente etter å ha sett på endringar i dei føregåande sonettane. Det dreier altså om rimeleg små rettingar, men dei er store nok til å syne at Olav H. Hauge arbeidde vidare på sonettane sine også etter at dei vart prenta i bok. Den første er i siste vers av første kvartett, som lyder slik 'og leita dagevis utan ei klauv.' i *Dropar i austavind* og slik i *Dikt i samling*: 'og alt eg leita ikkje fann ei klauv.'. Så er det ikkje fleire endringar før vi kjem til avslutninga, kor ' – Der låg tri gimbrar greidt og fire harar.' i 1966 blei til 'Der låg tri gimbrar greidt og - fire harar.'

16.2."Morgon i mars"

"Morgon i mars"
Grå morgon. Uro, søg i lufti, ròk
frå skavne egger; myrk, tungvekt skog
lettar på lunga håsmælt, fri sitt åk
og fjorden bryt mot is med ilsken bog.

Og osen et, med sig frå frosi svill,
som kvida i ditt hjarta, ho som vart
det svartauge som ikkje klaka til.
Solstrilut vind rengjest raggut, svart.

Men ljoste vell or dulde brunnar, bryt
or berg og snø; attum skyer stend
ein fullglødd avl og sprutar smelta Stein.

Høyrdie eg stare? Saftmjuk slær ein grein
når kråka lettar. Tidi er alt vend.
Det nogg i klaka grjot, det lyt, det lyt.
(Hauge 1994:208)

Her har vi enda ein sonett som går føre seg i ein, eller fleire, mellomsoner. Det er ein urolig tekst, som til tross for å vere skrive i bunden form, ikkje held seg i ro. I alle fire strofene finn vi enjambement, noko som gjer at teksten blir ustabil og det kastar oss vidare. Forma høver godt til innhaldet, ubehaget sonetten skildrar kjem att i korleis heile teksten dirrar – dette kan vi lese i *Litteraturvitenskaplig leksikon* om enjambement (versbinding):

Når vi leser vers, markerer vi vanligvis en mer eller mindre tydelig pause etter hver verselinje. Derfor fører versbinding ofte til en konflikt mellom den språklig logiske sammenbindingen innen en språkenhet og den metriske pausen som følger av versbindingen.
(Lothe 1997:264)

16.2.1. "Morgen i mars", endringar

Her er det også berre få rettingar, i rask rekkefølge er dei slik; vers to: 'frå skavne eggjer; tungvekt skog' er no 'frå skavne egger; myrk, tungvekt skog', vers tre: 'fri sitt òk' er no 'fri sitt åk', vers fem: 'Og osen ét, med sig undan frosi svill' er no 'Og osen et, med sig frå frosi svill', og til slutt i vers sju: 'det svartauge som ikkje frys til.' er no 'det svartauge som ikkje klaka til.'

16.3. "Apal i snø"

"Apal i snø"

Ein apal utfor glaset i låg sol blør,
bøygd ned av snø. Atthangande, skrukka
blad skrøyvar munaleg upp hans bør;
i epli som heng att, har fuglar plukka.

Han stod i snø i vår, stod sot og ør
i humlesurr og gav og tok av lukka;
og bladi smidde, nøytte alle glør,
til struten kart i lauvet mulen rukka

og vart til eple, kantute og grå.
Dei laga skurv og tege rosor på,
alt med dei rodna under doggi blå.

Dei datt i doggvått gras, og regn og vind
sleit lauvet av han. Av solkraft sogi inn
byggjer han draumar att bak borkgrå kinn.
(Hauge 1994:226)

Nok ein sonett om eit eple, eller rettare, om eit epletre, som "Kveld i november". Det er rett nok også nokre eple igjen i dette treet, men dei er ikkje til å plukke. Dei er attgløymd eller sedd, men ikkje nådd. Om fleire dei konnotasjonane eple vekkar i hos lesaren har eg skrive om tidligare, til sonetten "Kveld i november". Verd å merkje seg er også at "Apal i snø" er bland de sonettane, den tredje er "Morgon i mars", Atle Kittang³⁵ skriv at utspelar seg i ein "mellomsone". Same stad (Kittang 1994:114) skriv Kittang at dette er ein av dei tre natursonettane til Olav H. Hauge. Han har sjølsagt rett i at det er naturdikt, men to av dei, "Kveld i november" og "Apal i snø", er også ein type hagesonettar.

Disse tre sonettane har mykje til felles, men dei som også handlar om eple er i slekt med sonettar som framskriv dyrka natur, hagar og, i vidare forstand, kulturlandskap. Også den mest kjende sonetten til Olav H. Hauge, "Til eit Astrup-bilete", er jo også ein hagesonett – eit dikt om dyrka mark. Så ein kan lett sjå at disse sonettane har bindeledd til kvarandre på mange nivå og måtar. Det har eg vore inne på tidligare også, og bland andre så skriv Ole Karlsen om dette:

³⁵ Sjå Kittang 1994:114.

Mange av Hauges dikt kretser omkring den samme tematikken, og de samme motivgruppene er gjerne formidlet med de samme retoriske hovedgrepene, samtidig som det gjennomgående utvises en forkjærighet for enkelte av lyrikkens subgenre. [...] Naturmotivene ellers er også gjennomløpende i forfatterskapet, gjerne som vestlandsk hage- eller kulturlandskap og som vilt og utedmet elve- og fjellandskap formidlet med en antropomorfiserend holdning.
(Karlsen 2000:5)

Det er altså eit gjennomgåande trekk i alle dikta til Olav H. Hauge og ikkje berre i sonettane. Natur, plantar og hagar er også ein viktig del av romantisk diktning.

16.3.1. "Apal i snø", endringar

Her er det for første gang ingen endringar.

16.4. "Snigelen"

"Snigelen"

Frå dyskvått, skuggalt gras kom han til vegen,
eit veldig hav av grus som duvar grått.
Men lygrå dimd og muskregn spår han godt
og lagleg vær for yverfart. Strekt dregen

legg han i veg, set modig beint til havs
med djerke stag og baugspryt liksom "Håpet".
Eit fårelag hav! Her er det utrygt, ope,
og havaristar ligg her alt i grafs.

Men det er tidleg enno; ingen bil
å høyra, mjølki og eit rakle hjul
er venteleg farten; sol i sand

er dauden. Byrg skrid han utan tvil
sin kongeveg, – veit burtum veghard kul
er råskjen snigleskog og grøne land.
(Hauge 1994:227)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Ein kan vel ganske greit fastslå at "Snigelen" ikkje er av dei beste av Olav H. Hauge sine sonettar. Det er ein enkel historie som forteljast uten serlege spenningsmoment. Sonetten er ein observasjon som er godt nok sett, og den visar at kor stor utfordringar er kjem an på perspektiv og kven du er. Det kan minne litt om Inger Hagerup sitt kjende dikt om mauren:

"Mauren"
Litен?
Jeg?
Langtifra.
Jeg er akkurat stor nok.
Fyller meg selv helt
på langs og på tvers
fra øverst til nederst.
Er *du* større enn deg selv
kanskje?
(Hagerup 1990:175)

Inger Hagerup sitt dikt er for barn, og det kunne vel også "Snigelen" høve som – eit rim for barn. Moralen og bileta er enkle og tydelege nok.

16.4.1. "Snigelen", endringar

Her er det heller ingen endringar i sjølve sonetten, men tittelen er endra frå "Sniglen" til "Snigelen".

17. Spør vinden 1971

Spør vinden er den siste av av Olav H. Hauge sine diktbøker som kjem ut, føre nye dikt berre dukkar opp i utgåver av *Dikt i samling*. I denne boka finn vi to sonettar.

17.1. "Ikkje enno"

"Ikkje enno"

Eg var so trygg. Eg blunda berre att
og sovna inn. Og når eg vakna, var
det dag! Til eg vart ropa på ei natt
og rådde or i hennar spøkjegard.

Den svarte engelen som næter tel,
har talt meg mange, myrkare vert ingi.
Då dagen ljosna og dei kjende tingi
var der som fyrr, vart eg so sæl, so sæl.

Men natti venta. Og då soli seig,
kom otten att, det var som alt laut døy.
Folk gjekk frå arbeid, var det leggjetid?

Nei. Enno slo han Knut, tok ein ny teig,
ho besta var då uppe, der for tri
på vegen, og han Hans, han løypte høy!
(Hauge 1994:249)

Her går den barnlige tryggleiken tapt, den gode søvnen vert bytta ut med mareritt og dødsangst. Frå å berre vakne til ny dag, ender eg'et opp med å verte vekt av ein svart engel, til ein angstfull natt. Ein engel som tel dine netter, minner deg på at du skal døy. Ein lykkeleg barndom som berre er lys og ven trur vel ingen på. Men å forstå at ein er dødeleg, er ein skjelsettande oppleving.

På eit visst punkt i barndomen vår kan det brått vere slutt på den gode, trygge natta, og den andre natta ropar på oss: "Til eg vart ropa på ei natt / og rådde or i hennar spøkjegard." Sonetten sluttar rett nok forsonande. Men som tittelen fortel oss, er det berre tale om ein utsetjing, om eit "ikkje enno".
(Kittang 1994:115)

17.1.1. "Ikkje enno", endringar

Her er det ikkje gjort nokre endringar.

17.2."Ein skrøpeleg sonett"

"Ein skrøpeleg sonett"
Skal dette verta ein sonett,
eit bygg av ord på kvitt papir,
til takten nokolunde rett?
Vise og koral, ålvor, flir

i kvart sitt hus! Lang hit spett
og sleggje! Stein fyrst, fyrr spir
kan kryna verket; smeden smir
alt hanen, folk skal ha greid ætt.

Fleire steinar! Fleire ord!
Upp med skip og kvelv og kor!
Til visa pikkar pigg og sett,

og øks tekslar, sager gnur,
gløymer koralen. Hanen snur
seg like lystig på eit skur!
(Hauge 1994:255)

Atle Kittang skriv ein grei oppsummering av denne sonetten i artikkelen *Olav H. Hauge og sonetten*. Det første han seier noko om er det metapoetiske draget ved denne sonetten:

Det er ein sonett som handlar om å skrive sonettar. Dette kan høyrast svært så moderne ut. For er det ikkje først og fremst i den moderne diktinga at poesien så å seie snor seg inn i seg sjølv og gjer seg til sitt eige tema? Kanskje det – men då må ein gjere unntak nettopp for sonett-diktinga. Sonettar om sonetten ser ut til å ha funnest så lenge det har eksistert dikting i denne forma, i alle fall så langt tilbake som til 1300-talet i Italia. Med "Ein skrøpeleg sonett" skriv Olav H. Hauge seg altså på dobbelt vis inn i denne mest sjølvmedvitne tradisjon i verdslyrikken.
(Kittang 1994:112)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Hauge nyttar altså denne sonetten til å skriva seg inn i verdslyrikken. Det kan også seiast å vere ein svært bevist og sjølvmedviten handling, i tråd med sonett-tradisjonen. Men det er også fleire sider av "Ein skrøpeleg sonett" som knyttar den til tradisjonen. Kittang peikar vidare på Olav H. Hauge nyttar arkitektoniske og musikalske bilete. Noko som er ein grunnleggjande motsetning i sonett-diktinga:

Kontrasten mellom arkitektur og musikk viser sonettens paradoxale funksjonar, hevdar den tyske litteraturhistorikaren Walter Mönch i sitt klassiske verk om sonetten. Er det ikkje nett det same Hauge uttrykkjer i "Ein skrøpeleg sonett"? Ein sonett utan indre uro og rørsle er ingen god sonett.
(Kittang 1994:113)

Som vi ser så er det mykje av det vi har vore inne på i høve til Olav H. Hauge sin sonett-dikting som finst at i konsentrert form i "Ein skrøpeleg sonett". Den er på mange måtar ein kommentar til dei andre sonettane han har skrive, men også til sjølve sonett-tradisjonen. Den lånar fritt frå og nyttar element frå fleira av tradisjonane innanfor sonett-diktinga. Dermed plasserer den seg tydeleg innanfor tradisjonen samtidig som den, med Kittang sine ord, "peikar nase til alle reglar".
(Kittang 1994:113)

Også Ole Karlsen vektlegg også det at "Ein skrøpeleg sonett" bryt med reglane, og nærmest er ein sonett-parodi. Det er ein sonett som svært tydeleg tematiserer det å skrive og kva skrift, dikt og sjanger er.

"Scorn not the sonnet" advares det i en av William Wordsworths mest berømte (meta)sonetter. "Ein skrøpeleg sonett" er neppe et håndverk av sonetten, men den skjemter med genren, med metasonetten som subgenre og med sonettens funksjonsmåte [...] Som metasonett og som parodi på sonetten som genre forholder "Ein skrøpeleg sonett" seg særlig til den romantiske tradisjonen [...] (Karlsen 2000:311)

Så det peikast tydeleg på at dette er ein sonett, som trass i alle sine brot, plasserer seg i ein lang tradisjon, like gamal som sonetten sjølv. Samtidig som den i mykje er ein sonette i den romantiske tradisjonen. "Ein skrøpeleg sonett" kommenterer

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

sjølvsagt også sonetteteorien, som vi har sett så har det vore mykje diskutert kva som må til for å kalla ein sonett for ein sonett.

17.2.1. "Ein skrøpeleg sonett", endringar

Her er det heller ikkje gjort nokre endringar.

18.Janglestrå 1980

Janglestrå er ein spesiell diktbok i Olav H. Hauge sitt forfattarskap, den har aldri vore utgjeve som sjølvstendig bok, men kom med som eit tillegg til 1980-utgåva av *Dikt i samling*. Det kan derfor diskuterast om det er ein eigen diktbok i det heile. Sonetten her kom med i *Dikt i samling* først i 1985.

18.1."Me trudde verdi her er til for oss" (utfylling)

"Me trudde verdi her er til for oss"
Me trudde verdi her er til for oss,
men det me trur det vil så lite vara.
Ei meinung har vel livet, eller koss?
Når vismenn spør, skal ikkje dåren svara.

Me gjer som han, me spikrar kvar vår kross
og tek i miss av vegen me skal fara,
og skuldar lagnaden for pek og kloss
i staden for å løysa oss or snara.

Me bannar livet, denne stutte dag,
og kallar på ein viss mann med sin ljå.
Når timen kjem, tel me kvart hjarteslag

og ser me er kje budde til å gå.
No logar livet upp i glans og trå!
Me ser kva me har spilt og veit kje råd.
(Hauge 1994:308)

Det er ikkje lett å gjette når denne sonetten er skrevet, basert på når den kom inn i det samla verket til Olav H. Hauge. Om *Janglestrå* var eit tillegg kor Hauge samla det nyaste, eller om det var ein plass å putte det som ikkje passa inn i andre diktbolkar, veit vi ikkje. Men om ein ikkje tenkjer på disse ytre omstenda, og berre ser på innhaldet, er det lett å sjå for seg at dette diktet er skrive av ein poet seint i livet. Enkelt sagt handlar det om å ikkje kaste bort tida, for livet er stutt.

Sjølv om også dette diktet skildrar ein, kommande, overgang – er det ikkje like urolig og spanande å lese som dei tidligare sonettane. Ein må kanskje vere einig med Eirik

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Lóden i at: "[...] den seine Hauge ikkje er heilt i toppform – sjølv ikkje i sonettform!" (Lóden 2008:279)

18.1.1. "Me trudde verdi her er til for oss", endringar

Frå 1985 til 1994 er det ingen endringar i sonetten "Me trudde verdi her er til for oss".

19.Kva for ein posisjon har sonettane i Olav H. Hauge sin forfattarskap?

Heile sitt skrivar liv forfatta Olav H. Hauge sonettar, vi har belegg for at han skreiv sonettar frå 1927 og den siste ble prenta i *Dikt i samling* i 1985. Det er nærmare 60 år med skriving av sonettar, men har berre gjeve oss 16. Det tykkest ikkje vere serleg mange, når heile *Dikt i samling* inneheld drygt 400 dikt. Dei har likevel teke seg plass i resepsjonen og fleire av dei er kanoniserte – ikkje berre i Hauge sitt forfattarskap, men og i norsk lyrikkhistorie. Sonettane er viktige deler av verket etter Olav H. Hauge. Dei er få og dei er sprett utover i forfattarskapen. Om ein vil, kan ein kan hende seie at han varda vegen gjennom diktinga si med sonettar.

Det er ikkje utan vidare slik at vi kan seie at Olav H. Hauge nytta sonetten til å syna motstand mot å bli sat i ein modernistisk bås. Sjølv om vi nok også kan sjå eit drag av dette. Men det blir å redusera sonett-diktinga hans og gjere den til noko småleg og mykje mindre enn den er. Å velje sonetten handlar nok like mykje om kjærleik til poesien. Men at sonettane er med på å gjere det vanskelegare å plassere Olav H. Hauge i bås, var han nok også klar over sjølv. Så vi kan ikkje konkludere eintydig med at Olav H. Hauge nytta sonetten bevisst som motstand, det var ikkje berre det som var motivasjonen og drivkrafta bak diktinga.

Men korleis plasserer Olav H. Hauge seg i høve til sonetten og tradisjonen? Det er ikkje så lett å svare på dette, ikkje så lett som eg gjerne skulle ønskt meg. Vi har Hauge sitt utsegn om at dei beste dikt i verdi er skrivne i sonett-form. Det er, som Ole Karlsen har skrive, eit døme på at Olav H. Hauge ikkje hadde smålåtne diktarambisjonar. Dessutan finn vi bland sonettane nokre av dei beste dikta til Hauge, som "Gullhanen", "Til eit Astrup-bilete", "Grøne øyar" og "Morgon og kveld". Samstundes er ikkje alle sonettane like gode, serleg gjeld det dei seinare.

Vi veit også at han skreiv mange fleire sonettar enn dei som vart publisert. Skal ein da rekne med at disse 16 som er i *Dikt i samling* er dei han var mest nøgd med? Også det Olav H. Hauge seier til Jan Erik Vold om *Dropar i austavind*, om korleis dei

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

sonettane han tok med der, var noko han hadde liggande, tyder på at han hadde eit lite lager av sonettar. Men det kan også virke som om Hauge her freista å tone ned den meir tradisjonelle sida av denne modernistiske diktboka.

Det ligg eit paradoks i Hauge-resepsjonen nett i synet på sonettane hans. Dei fleste som har skrive om Olav H. Hauge si dikting, ikkje alle, har vektlagt ein utvikling eller ei rørsle frå det tradisjonelle til ein friare og meir moderne stil. Samstundes har Hauge vore heldt fram som ein meister i sonettsjangaren. Det er få som har problematisert, eller i det heile teke tematisert, dette paradokset.

20.Appendiks: Sonettar frå andre stader

Her tar eg med dei sonettane Olav H. Hauge omsette og prenta. Det er fem som vart prenta i aviser og tidsskrift mellom 1932 og 1941, og som aldri vart med i nokon bok. Tre av dei er av William Shakespeare og dei to andre er av Wordsworth og Spenser. Dei fire siste er frå *Dikt i umsetjing* (2009) slik den no ligg føre. Utover disse finst det som nemnd nokre sonettar i dagbøkene. Eg tykker det er interessant at dei tidligaste her er av svært kjende namn og i den konservative sonettetradisjonen. At dei er av engelske lyrikarar, tenkjer eg har mest med å gjere kva for språk Olav H. Hauge kjende han meistra.

20.1.Sonettar frå aviser og tidsskrift

Tvo sonettar
av William Shakespeare

I.

Nei, ikkje gylte marmormonument
av kongar lever lenger enn min song.
Ditt minne skina skal meir bjart på prent
enn um det hogge vart i stein ein gong.
Um strid og ufred stein og styttor øyda,
um slott og bygg til grus og oske brenn,
ditt minne skal 'kje sjølve Mars få snøyda,
min song forkynner all din venleik enn.
Mot død og gløymsla modug fram du gjeng,
hjå ettertidi finn du hjarterom;
dei hyller deg med æva på si veng
ber heile verdi mot sin siste dom.
Ja, inntil uppstods, då sjølv du ris,
du lever her, kvar elskar syng din pris.

II.

Når trøytt og miskjend einsleg kring eg går
og tenkjer på mitt liv so vonlaust laga,
eg bannar det av hjarta, krenkt og sår,
og plagar himmelen med gagnlaus klaga.
Då ynskjer eg ein annan eg var lik
i hug og hold, og trugne veneer åtte,
at eg som han var gild og evnerik,
og synest ringt um det som gjævt eg totte.
Men brått som eg i desse tankar gjeng
eg minnest deg, og all min lagnad trong

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

som lerka stigande på lette veng
frå myrke jord, mot himmel syng sin song.
For når eg minnest at din elsk meg fann,
eg byter 'kje med kongar um eg kan.
(*Sogns Tidend*, 23. desember 1932, forsida)

Ein Shakespeare-sonett
Når trugne sjeler møtest i sin vår,
den sanne pakti ingen bryta kan.
For kjærleik var 'kje kjærleik når
han skifte um han mein og lyte fann.
Nei, som eit merke midt brot og brand,
so trygt og traust, han stend og viser veg,
for kvart eit skip som miste leid og land
– lik stjerna bjart han himmelbana dreg.
Um åri gjeng, um friske rosebunn
og raude kinner elskhugs nektar byd,
sann kjærleik skifter 'kje med dag og stund,
men logar rein til siste morgongry.
Um dette lygn og svikne draumar var,
eg aldri sunge eller elска har.
(*Gula Tidend*, 20. desember 1937, side 4)

Ein sonett
av William Wordsworth
Me kavar og me slit i livsens strid,
og seint og tidleg våre evnor øyder.
Med verdlaus glans og glim me stødt oss nøgjer,
og ser 'kje det naturi kann oss gi.
Me gav vårt hjarta burt og er 'kje fri.
At havet barmen i mot månen tøygjer,
at vinden syng og kvar ein skogtopp bøygjer,
me merkar lite til i all vår tid.
Å, gjev eg heller heidning vore fødd
med kjenslelivet hans i tru og trå!
Då såg eg syn som gjord meg minner mødd,
då såg eg Protevs steig or sjøen blå,
og lydde både undrande og glødd
når Tritons toner kunde øyra nå!
(*Sogns Tidend*, 10. januar 1933, forsida)

Namnet hennar
Av Edmund Spenser
Eg rita namnet hennar på den kvite strand,
men flodi gløypte all mi fyregjerd.
Eg skreiv det atter, førde hennar hand,
men bylgjar skipla mine kråketær.
"Tru aldri," mælte ho, "at all di sut
gjev æveliv til slik ein vesal ting.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Som det du skreiv, vert allting stroke ut,
og eg vert kvervd i tidlaus bylgjering."
"Nei," sagde eg, "jordbundne liv kann døy
i støvet um dei vil. Ditt frægdarord
i songen min skal leva, hulde møy,
ditt gullnamn skina skal i stjernekor.
Nå denne verd i dødens vald er seld,
skal livet yngjast av vår kjærleikseld."
(For Bygd og By, nr 17, 1941)

20.2.Sonettar frå *Dikt i umsetjing*

"Edgar Poes grav"
Seg sjølv lik slik æva til slutt har løyst
honom, ris diktaren med nake sverd
for si forstørkte tid som ikkje fær
sjå døden sigra i ei so framand røyst.

Dei, like ei øgle i spranget frøyst
då engelen gav vår ætts ord nytt verd
kunngjer høgt at brygget dei drikk her
i denne rotne elvi har trolldoms trøyst.

Å sorg, skyer og jord har ikkje grid!
Um ikkje me med dei høgg lågskurd i
den meteor som fall lagd på hans grav,

i ei duld ulukke sprang brått ein lem,
skal still granitt i minsto bægka av
svartvengja spott i tidene som kjem.
(Hauge 2009:35)

"Tri år etter"
Den tronge grindi riktar, liksom spør.
So stend eg innanfor. På gras og lin
fell glytt av morgonsol, og hagen skin
med blomar tekt av råskne glør.

Alt er som fyrr det var. Røyrbenken står
det vesle lysthuset av villklengd vin,
vatnet droplar sylvklart i brunnen sin,
i ospesusen same klagen blør.

Og rosa skjelv som fyrr, tornar blodgar,
dei byrgje liljone i vinden voggar,
og kjende fuglar fyk til sine reir.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Eg ser grannen stytt av Velleda,
som skalar gips på vegen meir og meir,
stend framleis her, i søtlukt av reseda.
(Hauge 2009:36)

"På den grøne kafé"
Klokka 5 um kvelden
Eg hadde luffa langt og slite sko
på steinut veg. Og kom til Charleroi.
Der gjekk eg inn på Den grøne kafé og bad
um halvkald skinke og smørbrød som forslø.

Eg strekte beini ut, og såg meg rundt
på grønt tapet med rare skilderi.
Og gjenta kom, med digre bryst i tunt
flanell, og skjelmsk i augo, store tid!

Ho gjekk kje undan for eit kyss, den der!
Og ho kom att, med lått i augnekrær,
med brød og skinke på rosut fat,

halvkald, saftig skinke, kvit og raud,
med, – og slo glaset. Skummet saud
og perla seg i soli der eg sat.

(Hauge 2009:40)

"Vokalar"
A er svart, E er kvit, I raud, U grøn, O blå, – vokal,
ein dag skal eg segja kva løynd du kom ifrå:
A, fløyelsvart nett av blanke flugor i brå
surr kring avstyggjeleg tev i ein avfallsdal,

vikar i skugge. E, uskuld, telt, skodde, blå
jøkulspjot, kvite kongar, grys i skjermbloms sal.
I purpur, bodsputt, lått frå fagre lipper, gal
i sinnerid eller brennhug i sonings trå.

U, ævor, heilag skjelving i djupgrøne hav,
fred yver beitesmark når feet dormar av,
fred yver alkymistens bryn, som rukkor bryt.

O, den høgste trompet som strid slær myrkheims her,
rømder av stille der klotar og englar fer:
O, omega, blå strålar Hennar augo skyt!
(Hauge 2009:41)

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

Referanse³⁶

- Aarnes, A., 1967, *Litterært leksikon: Begreper og betegnelser. Teori-kritikk-historie. Ny utv. og revisj. utg*, JG Tanum,,
- Andersen, H.O., 2002, *Poetens andlet : om lyrikaren Olav H. Hauge*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Andersen, P.T., 2001, *Norsk litteraturhistorie*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Boland, E. & Hirsch, E., 2008, *The Making of a Sonnet: A Norton Anthology*, W. W. Norton & Company,,
- Burt, S. & Mikics, D., 2010, *The Art of the Sonnet*, Belknap Press of Harvard University Press.
- Cappelen, B., 2008, *Tid å hausta inn : 31 forfattarar om Olav H. Hauge*, Norske Samlaget, Oslo.
- Cook, J., 2004, *Poetry in theory : an anthology*, 1900-2000, Blackwell Pub, Malden, MA.
- Cousins, A.D. & Howarth, P., 2011, *The Cambridge companion to the sonnet*, Cambridge University Press, Cambridge ; New York.
- Dickinson, E., 1976, *The Complete Poems of Emily Dickinson*, Back Bay Books.
- Eagleton, T., 1996, *Literary theory : an introduction*, University of Minnesota Press, Minneapolis, MN.
- Eide, T., 1990, *Retorisk leksikon*, Universitetsforlaget.
- Fibiger, J., Lütken, G.V.B. & Mølgaard, N., 2008, *Litteraturens tilgange*, Academica, Århus
- Fuller, J., 1979, *Sonnet (Critical Idiom)*, Routledge Kegan & Paul,,
- Furniss, T. & Bath, M., 2007, *Reading Poetry: An Introduction (2nd Edition)*, Longman,.
- Hagerup, I., 1990, *Samlede dikt*, Aschehoug.
- Handagard, I., 1942, *Norsk verslæra*, 2 utg. Jacob Dybwads Forlag, Oslo.
- Hauge, O.H. & Shakespeare, W., 1932, Tvo sonettar, *Sogns Tidend*, 1932, side 1.
- Hauge, O.H., 1946, *Glør i oska*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1951, *Under bergfallet*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H. 1956, *Seint rodnar skog i djuvet*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1961, *På Ørnetuva*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1962, *På Ørnetuva*, 2. opplag, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1964, *Dikt i utval*, Skrede, R. red. Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1966, *Dropar i austavind*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1971, *Spør vinden*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1972, *Dikt i samling*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1975, *Syn oss åkeren din*, Vold, J.E. red. Den norske Bokklubben, Oslo.
- Hauge, O.H., 1978, *Dikt og artiklar om dikt : til Olav H. Hauge på 70-års dagen*, Noregs boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1980, *Dikt i samling*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1981, *Dikt i samling*, Noregs Boklag, Oslo.
- Hauge, O.H., 1983, *Regnbogane: Dikt*, Norske samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 1985, *Dikt i samling*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 1988, *Mange års røynsle med pil og bøge*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 1993, *Dikt i samling*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 1994, *Dikt i samling*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 1996, *Brev 1970-1975*, Det Norske samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 1998, *Det er den draumen*, Cappelen, B. red. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 2000a, *Dagbok 1924-1994, I-V*, Norske Samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 2000b, *Dikt i samling*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Hauge, O.H., 2008, *Dikt i samling*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Janss, C. & Refsum, C., 2003, *Lyrikkens liv : innføring i diktlesning*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Karlsen, O., 2000, *Fansmakt og bergsval dom : en studie i Olav H. Hauges romantiske metapoesi*, Unipub, Oslo.
- Karlsen, O., 2000, *Jan Erik Vold og Jan Erik Vold*, Landslaget for norskundervisning (LNU) : Cappelen Akademisk Forlag, Oslo.
- Karlsen, O., 2012, *Nordisk samtidspoesi : særlig Jo Eggens forfatterskap*, Oplandske Bokforlag.

³⁶ Eg har nytta Harvard-systemet til referansane, som beskrive i Spangen, I.C., 2007, *Referansehåndboken : en veiledning i kildebruk og henvisning til kilder*, Spartacus, Oslo.

"Dei beste dikt i verdi" Olav H. Hauge og sonetten.

- Kittang, A., 1994, *Olav H. Hauge og sonetten*, i: Tønnessen, Terje, 1994, *Tunn is : om Olav H. Hauges forfatterskap*, Landslaget for norskundervisning, LNU : Cappelen, Oslo.
- Lauvstad, H., 1993, *Moderne sonetter : en studie av form og funksjon i skandinavisk sonettdikting etter 1940*, Solum, Oslo.
- Levin, P., 2001, *The Penguin book of the sonnet : 500 years of a classic tradition in English*, Penguin Books, New York.
- Lothe, J., 1997, *Litteraturvitenskapelig leksikon*, Kunnskapsforlaget, Oslo.
- Olav H. Hauge les dikt (videointervju). (1988) Oslo, Kalliope .
- Oppenheimer, P., 1989, *The Birth of the Modern Mind: Self, Consciousness, and the Invention of the Sonnet*, Oxford University Press, USA.
- Sapfo & Jarvoll, S., 2003, *Sapfo*, Gyldendal, Oslo.
- Schmid, S. & Rossington, M., 2008, *The reception of P.B. Shelley in Europe*, Continuum, London ; New York.
- Sejersted, J.M., 2000, *Litteraturkritikk som hyrdediktning. Resepsjonen av Olav H. Hauge*, Syn og segn, 4, s. 30-9.
- Spangen, I.C., 2007, *Referansehåndboken : en veiledning i kildebruk og henvisning til kilder*, Spartacus, Oslo.
- Spiller, M.R.G., 1992, *The Development of the Sonnet: An Introduction*, Routledge.
- Strøm, C., 2009, *Mellomrom II : omsetjaren Olav H. Hauge*, Transfer, [Bergen].
- Söderblom, S., 2006, *Och jag var länge död: läsningar av det ambivalenta: Olav H. Hauge*, Autor.
- Tønnessen, Terje, 1994, *Tunn is : om Olav H. Hauges forfatterskap*, Landslaget for norskundervisning, LNU : Cappelen, Oslo.
- Vassenden, E., 2000, *Utlevering og etterhald. Olav H. Hauges Dagbok 1924-1994*, Syn og segn, 4, s. 4-23.
- Vold, J.E. & Hauge, O.H., 1996, *Under Hauges ord : essays, samtaler, brev, dikt, fotos*, 2. utg., gjennomsett utg. Samlaget, Oslo.

Dikt

"Mauren"	81
"Apal i snø"	4, 79–80
"Du byggjer"	3, 63–64
"Edgar Poes grav"	92
"Eg har tri dikt"	70
"Eg hørde det på plestringi"	4, 73–74, 77
"Eg las eit dikt"	3, 58
"Ein greider meir enn ein trur"	4, 76–77
Ein Shakespeare-sonett	91
"Ein skrøpeleg sonett"	4, 83–85
Ein sonett	55, 84, 91
"Grøne øyar"	3, 61, 77, 88
"Gullhanen"	3, 61, 65, 67, 88
"Heaven" - is what I cannot reach!	70
"Ikkje enno"	4, 82–83
"Korea"	3, 62–63

"Kveld i november"	3–4, 68, 71, 79
"Me trudde verdi her er til for oss".....	4, 86–87
"Morgon i mars".....	4, 77–79
Namnet hennar.....	91
"Nuns fret not at their convent's narrow room"	37
"På den grøne kafé"	93
"Scorn not the Sonnet; critic, you have frowned"	48
slik søteplet rødmer på øverste gren	69
"Snigelen"	80
"Sonetto XI"	31
"Til eit Astrup-bilete".....	43, 66, 72
"Til Shelley".....	3, 53–57, 64, 73–74
"Tri år etter"	92
Tvo sonettar.....	95
Tvo sonettar av William Shakespeare	90
"Vokalar"	93